

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**



**Årbok 2011**  
**Samnanger historielag**

2011

Trykk: Øystese trykkeri A/S, 5610 Øystese

Biletet på framsida viser Haldor L. og Gjertina Gaupholm. 1902. Sjå artikkel på side 67.

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**  
*2011*

# **Innholdsliste**

|                                                         |         |
|---------------------------------------------------------|---------|
| På seterveg. Aud Høysæter Nygård                        | side 7  |
| Litt om Langeland i 1910. Johannes Langeland            | side 13 |
| Barneminne frå Ådland. Solveig Røen                     | side 21 |
| Hovudplagg i Samnanger. Hanne Yndestad Aadland          | side 53 |
| To bilar utføre - tett i tett.                          | side 60 |
| Eit minne frå krigen - eksplosjonen i Bergen 20.04.1944 | side 61 |
| Segna om Kjerringflua                                   | side 66 |
| En beretning om Gaupholm. Øivind Lars Søvik             | side 67 |
| Song til historielaget. Ivar Bård Aadland               | side 77 |

## Føreord

Me har lagt endå eit år bak oss; Historielaget arbeider no på ellefte året og har mellom anna hatt ei litt forseinka 10-årsmarkering. For oss som er aktive i Samnanger historielag, prøver me heile tida å ha fokus på ivaretaking av lokallhistoria vår. I årboka for 2011 presenterer me fleire artiklar der minne frå barne- og ungdomstida er sentrale tema. Me håpar at du som lesar finn interesse i desse artiklane og at du vert inspirert til å tenkja gjennom dine egne minne.

I denne utgåva av årboka fortel Solveig Røen frå sin barndom og ungdom, Aud Høysæter Nyård (som skreiv ein lengre artikkel i årboka 2010) fortel om stølsvegen frå Høysæter til Kvanndalen då ho var barn og Bergit Tømmerbakk deler eit krigsminne med oss. I tillegg har Øyvind Søvik ein artikkel om slekta si på Gaupholm, Johannes Langeland har studert tilhøva på Langeland i den tidlege kraftutbyggingstida og Hanne Yndestad Aadland har skrive om hovudplagg i Samnanger. Du finn også anna lokalhistorisk stoff som gjer seg fortent til ein plass i årboka vår. Tusen takk til alle som har kome med bidrag til boka.

«Det eg har opplevd er ikkje så spanande», tenkjer du kanskje. Men det kan henda at nettopp det du har å fortelja, er ein vesentleg del av historia, og at ingen andre enn nett du kan fortelja om dette. Ta gjerne kontakt med oss i Samnanger historielag dersom du har noko å fortelja – me set umåteleg stor pris på det.

**Magda Haugen**  
**redaktør**



# På seterveg

Av Aud Høysæter Nygård

Som barn fekk eg i fleire år vera med på setra om sommaren. Me hadde ikkje seter sjølve, men til all lukke var det ein familie som forbarma seg over oss, og vitjinga på setra var eitt av høgdepunkta i sommarhalvåret.

Desse gamle og gråe, lutande og litt skeive setrene høyrde heime i eventyrland. Jamvel seterjentene kom inn i denne eventyrglansen. Dei vart liksom andre personar, der dei drog av stad oppover liene med stølabøtter og mjølke- og saltespenn. Det var mest så ein lurde på om dei var halvveges huldre som skulle stad og stella kyr på feite fjellbeite.

Og setervegen! Ja, fanst det vel maken til veg! Eigentleg var det ikkje veg ein gong, men ein sti som leika gøymespel med oss. Den viste seg som ei smal subbete stripe gjennom blaute myrar med stivt gras. Den svinga seg rundt tre og kratt i "låglandet", kom vekk over skarv, og titta fram att mellom lyngkledde tuer. Av og til var det berre nokre steinar i ei blautmyr. Dei hadde seterjentene lagt etter sine steg, og det vart lange hopp frå stein til stein for små barneføter. Mest kvart skarv og kvar knatt hadde sitt namn og si søge! Me hadde høyrte begge deler mange gonger, men måtte alltid høyra om att. Kvar gong var det like spanande å finna att stadane og høyra sogene. Så setervegen vart aldri lang.

Først var det Setrabrotet med første kvileplass. Der var murt opp med stein høveleg sete for stølabøttet, slik at det ikkje skulle hanga og tyngja på akslene medan kvila varde. Så kom Ostehilderen. Der var det støtt rårke og kaldt av eit vass-seg attmed, og der hadde seterjentene ein gong i tida lagt ostane sine til oppbevaring medan dei gjekk i utslåttene og var med i høyinga. Det var i dei tider dei ysta på seterstølen dette. Neste kvild var Tausaskarvet. Då tenkte me alltid på ei gamal søge om to seterjenter på veg innover i eit skræmeleg torever. "- Å, Gud bevare meg" ba den eine jenta. Ho var så livredd i torever. Den

andre var svært så kaut og ovanpå. ”- Å, Gud bevare halve reva mi”, sa ho. Og dermed slo lynet ned i henne. Det einaste ein såg att av jenta, var den halvdelen ho hadde bede for. Den låg att på skarvet. Me var no ikkje så heilt sikre på at dette hadde hendt, men litt nifst var det no likevel. Og i himmelsynet over oss såg me Lyningen, ein fjelltopp som ofte var utsett for lynnedslag. Då var me glade for at det var sol og blå himmel på vår seterveg.

Tjørekleiva hadde fått namnet sitt etter den tid bøndene brende tjøre inne i fjellet. Det var ein som hadde vore så uheldig at han slo ned tjøra si der. Me granska alltid nøye terrenget om der enno kunne vera tjøre-restar, men me leitte til fånyttas.

Og så var me komne opp på snaufjellet. I eit lite vatn der hadde me ein ”Tjødnapytt” me skulle helsa på. Han stod der på sine lange bein og fløyta velkomen til fjells, til dess at han tykte me blei for nærgåande. Då letta han og flaug litt lenger innover.

Så var det ryper som flaksa opp både titt og ofte. Orre var heller ikkje sjeldan å sjå. Men den heldt seg lenger nede, der det var skog og flaug opp med slik brask og bram at me hoppa litt av skrekk, og trudde minst det var kome bjørn i fjellet. Ørn var det og, den såg me ofte. Me var litt fælne då og, for denne svære fuglen som flaut rundt der oppe kunne ta småborn, hadde me høyrte. Det var likevel eit vonbrot dersom ørna ikkje synte seg.

Ravnen lika me heller ikkje så godt, men den øvde inn i eventyrbiletet. Var det ikkje hekser og trollkjerringar som hadde ravn i sitt fylgje kanskje? Og kven kunne vita kva som heldt til her inne i ville fjellet? Når ein hauk sto der og dirra i lufta og speida etter eit bytte, kunne me mest like godt tru at no sat det ei trollkjerring inne i eit kratt og prøvde trylla fuglen til stein. Og gjorde han eit brått stup nedover, då var han nok forgjord.

Men på ein liten haug på flaten innover sto nokre store steinar sette opp. Dei vart kalla kyrkja, og skulle vel hjelpa litt for trolldomen.

Det var så lett å springa nedover skarv og småtuer der setervegen byrja halla nedover att. Etter Rukjen, skulle me finna Storebordet og Veslebordet. Det var to store, nesten firkanta steinflater, avgrensa av sprekker i fjellet. Og Katta-bikset og Hunda-bikset vart aldri gløymde. Nede i dei små firkanta revnene i skarvnakken skulle det leggjast mat



til katten og hunden. Fekk dei ikkje litt bær og blad og rusk, blei det ikkje bær i spannet til bærplukkaren. Og det var aldri godt å vita om ikkje mjølka vart spilt.

Og så kom det grommaste og mest romantiske av alt: SPRINGEN. Vegen gjekk der over eit lite myrsøkk med skarv mellom, og der måtte alle seterjentene ta fart og springa ned første skarvet og opp att det andre. Gjorde dei ikkje det, vart dei aldri gifte. Det passa Presten og Lensmannen på. Dei sto som to bjørketre og heldt kontroll med springinga. Ja, me småjentene sprang for livet over Springen, og me var heilt ulukkelege over ei av seterjentene som ein gong spaserte roleg både ned og opp over skarva. For ei likesæl og uvettig framferd! Me kunne beinast sjå korleis Presten og Lensmannen stivna i harme, før dei byrja rasla med greinene og sa dom over jenta.

På Setrakleiva var der og ein kvileplass med små steinheller til stølabøtta. Men den kvilda var reservert for heimferda. No såg me vårt kjære eventyr-rike: den grønne setervollen som skråna litt nedover mot setervatnet, og dei små samankrøkte seterbuene strødde utover. Og så var det å rutsja nedover sleipe skarv og gjennom blåbærris i seterlia. Hei og hopp frå stein til stein i elva, og førstemann til "vår" bu. Hadde den vesle bjørka på taket vakse sidan sist? Blomstra lyngen like fint i år og? Å, det var så mykje me skulle sjå etter. Leikestova som me



*Gammelt fotografi frå Høyseterkvanndalen.*

hadde prøvt å mura opp ein gong, ein kulp i den store elva der me såg aure, blåbærtuene, moltemyra, den store steinen me alltid måtte til topps på... Og så var det inn i det låge seteret til rømmekolle som smaka betre der enn nokon stad.

Eg drog innover fjellet ein sommar att, ville sjå att alle desse stadene eg hugsar frå barneåra. Setervegen var ikkje lett å finna no. Det var mange år sidan seterjentene hadde teke andre vegar. Eg gjekk feil nokre stader, men ikkje verre enn at fann både Ostehilderen, Knutshola og Tausaskarvet. Av gamal vane kikka eg etter tjøreflekkar i Tjørekleiva, og jammen fekk eg helsa på Tjødnapytten. Men ørn speida eg etter til fånytt. Det var meir sjeldan at denne fuglen viste seg i fjellet no.

Men fjellet låg der som før. Med skarv og små fjellbekkar som sildra, lyngen som breidde seg som eit uendeleg fiolett teppe over rabbane, myrull som nikka goddag med sine lodne kvite hovud. Små tjørner og



*Frå Høyseterkvanndalen.*

vatn som blenkte, myrgras og mose med sitt skiftande fargespel. Og utsyn til fjell etter fjell, like til den lysande Folgefonna i aust. Langt ute i sørleg retning synte ei stripe av Bjørnefjorden. Her og der skræmde eg opp ryer. Nokre sauer stogga opp og stirde stivt på meg ei stund, før dei sette av garde mellom tuene. Elles rådde den mektige stilla som høyrer fjellet til, og som det nesten er heilagbrot å bryta.

Eg plukka med meg litt krækjebær med tanke på Kattebikset og Hundebikset. Men eg måtte leita lenge før eg fann dei små gropene. Lyng og mose breidde seg over dei, der på skarvet. Presten og Lensmannen kjende eg att med ein gong, endå eg syntest nok dei var mindre og meir krokut i ryggen. For å gleda dei på deira gamle dagar, og til mi eiga glede og forresten, sprang eg lysteleg over Springen. Var det ikkje som dei ranka seg, der dei stod? Det var nok lenge sidan noko var skrive i den protokollen no.

På Setrakleiva vart eg ståande. Eg kjende korleis vemodet seig innover meg. Det var nesten som å sjå utover ein gravplass. Der låg desse eventyrbuene morkna og rotne vekk. Ei røys her, og ei røys der. Jamvel sætervollen var det lite att av. Elva hadde ført med seg mykje stein og grus sidan eg var her sist, og lagt det etter seg over det grønne vollgraset. Det var som Svartedauden hadde vore på vitjing og lagt alt audt.

Kor koseleg hadde det ikkje vore her ein gong. Ramling av bøtter og spann, lått og prat og glade rop mellom seterhusa. Røyk som steig opp frå dei små buene, og lys som blinka i små gluggar når mørkret byrja falla på. I skuminga var det som skogkledd lie, berg og nut og fjell vakna til liv. Dei reiste på seg, vart liksom så veldig store, og kom sigande nærare og nærare. Først liene med småskogen som ein flokk grønkledde huldre. Det susa i hår og sjoga i svinsande stakkar over kvite legger. Bak dei kom fjellet med bergekongar og troll, hyfsande framover i forvitenskap. Kven var no dei småkrypa som for og spratt på setervollen?

Me ungane våga oss knapt ut i skotet etter ved under kakaogryta. Så sat me der rundt eit lite kvitskura bord i lyset frå eit stearinlys i flaske, drakk kakao og laga skuggebilete på veggen. Det vart laga mange rare dyr og figurar i selet då. Med frydefull grøssing kjende me korleis det liksom krydde av tussar og troll utanfor veggene. Og me ville helst ha

vakse folk med oss når me skulle ut i siste ærend før natta.

Det var berre ei seng, og der låg me to ved fotenden og to ved hovudenden. Litt trongt om plassen var det nok, det var armar og bein overalt i senga. Men når lyset var blåst ut, og me låg der i den vesle bua, med den uendelege fjellvidda trengjande på, var me glade over å vera fleire saman. Når det knaka og let i tømmerveggane, når sauene skubba seg inn mot veggstokkane, når det tusla i fjellnatta, då var det godt å ha nokon å krypa inn til. Og Jon Blund let aldri venta lenge på seg.

Me vakna først av skramlinga av bøtter og spann når budeiene hadde vore og mjølka. På nakne føter sprang me over setervollen og tok morgonvask i ein liten bekk. Det var fort gjort, og så var dagen vår att, med bærplukking, leik og vitjing rundt i dei andre setrene. Borte på Gamlefeta var det så grunt og fint å vassa, og dersom buskapen kom og beitte på setervollen, var det stor stas.

Det var alltid ei helg me ungane fekk vera med. Då låg jentene på stølen om sundagen. Elles var det å skunda seg heimover med mjølk til meieriet, og for å ta del i gardsarbeidet. Det var lenge sidan budeiene låg på stølen heile tida kyrne var i fjellet. Men det låg endå noko stein og resten av ein mur der det hadde vore eit meieri der dei separerte, kinna og ysta.

I mine augo sto seterlivet i eventyrglans. Men det var nok mykje tungt arbeid og mykje trakk. Likevel, - eg kan aldri hugsa anna enn godt humør, prat og skøy. I dei dagar var ikkje folk redde for å bruka føtene heller.

Kulturbeita kom i staden for stølsdrift. Rasjonaliseringa og sentraliseringa greip om seg, svartedauden breidde om seg. Han åt seg frå seterstølane heimover fjellet, reiv med seg nokre utløer på vegen, og gjekk til åtak på dei små gardsbruka. Det er sårt og trist å sjå kva som har gått tapt.

I alle høve, eg er glad eg nådde i få gå, og oppleva setervegen som småjente.

# Litt om Langeland i 1910

Av Johannes Langeland

Historielaget i Samnanger har vore flinke og fått fram mykje interessant stoff frå gamle dagar. Noko av det siste gjeld kraftutbygginga i åra 1908-12 med filmen "Straum til Bergen" som eit høgdepunkt. Dette får meg til å tenkje på korleis det var å leve og bu i desse bygdelaga som fekk anleggsarbeidet tett innpå seg. Som grunnlag for noko av det eg her skriv, er folketeljninga i 1910 utgangspunktet.

## Folketalsutvikling

I 1910 var det knapt 2,4 millionar menneske her i landet. I Samnanger var det 3.144 personar registrert ved teljinga. Dette er 650 fleire enn i 1900. Eg trur at denne store auken mellom anna kjem på grunn av anleggstida som då gjekk føre seg i bygda vår. Særleg på gardane i anleggsområdet, kan ein sjå at her var innlosjert mange arbeidarar som hadde med kraftutbygginga å gjere. I denne tida – kring 1910 – var jordbruket ein viktig leveveg. Gardane vart delte mellom søsken for at fleire familiar skulle få eit livsgrunnlag. Dei som ikkje hadde denne sjansjen, reiser i stor mon til Amerika. Der er det jord og få, og mange mulegheiter.

Barnekulla i familiane var etter dagens normer store i denne tida. Samanlikna med i dag, vart det ikkje store plassen for kvar einskild i husa. Dermed skulle ein tru at det var vanskeleg å ta inn losjerande i tillegg til eigen familie. Slik var det ikkje når ein ser på korleis dei løyste bustadproblema. Eg vil ta for meg to av husa på Langeland for å illustrera dette.

G.nr. 30 (115 i 1910) b.nr. 4 (Vidar Trengereid sin gard i dag).  
Husstandsmedlemmer

| P.nr. | H.nr. | Navn                                  | Fødselsdato |
|-------|-------|---------------------------------------|-------------|
| 001   | 01    | Johannes Nilssen Langeland            | 8.12.1865   |
| 002   | 01    | Anna Knutine Johannesdatter Langeland | 16.12.1864  |
| 003   | 01    | Anna Karine Johannesdatter Langeland  | 18.01.1889  |
| 004   | 01    | Nils Johannes Johannessen Langeland   | 16.08.1891  |
| 005   | 01    | Johannes Johannessen Langeland        | 22.08.1894  |
| 006   | 01    | Magnus Johannessen Langeland          | 02.12.1896  |
| 007   | 01    | Borghild Johannessen Langeland        | 08.09.1899  |
| 008   | 01    | Marta Johannessen Langeland           | 14.04.1902  |
| 009   | 01    | Alfred Johan Johannessen Langeland    | 04.02.1905  |
| 010   | 01    | Sverre Johannessen Langeland          | 31.07.1908  |
| 011   | 02    | Andreas A. Strømme                    | 28.03.1877  |
| 012   | 02    | Katinda S. Strømme                    | 04.04.1880  |
| 013   | 02    | Anders A. Strømme                     | 05.09.1906  |
| 014   | 02    | Helge Jørgensen                       | 17.04.1867  |
| 015   | 02    | Kristian Sirenæs                      | 21.06.1878  |
| 016   | 03    | Johan Håland                          | 22.03.1872  |
| 017   | 03    | Anna Kristiansen                      | 13.04.1891  |

Teljinga viser at det budde 16 personar i huset i 1910 (Anna f. 1889 var fråverande). I kjellaren var det butikk, driven av Johan Håland som budde der med ei husholderske. Korleis alle dei andre fekk plass, er vanskeleg å forstå i dag. Dette er besteforeldra mine med 8 barn – sjå foto på neste side (oldeforeldre til Vidar).

Biletet er tatt utanfor huset ca. 1910. Personane frå venstre: Magnus (1896-1970), Johannes (1894-1954), Bestefar – Johannes (1865-1926), Alfred (1905-1986), Nils (1891-1971). Marta (1902-1997, Bestemor – Anna (1864-1918), Sverre (1908-1995), Borghild (1899-1916), Anna (bestemor til Vidar, 1889-1967).

| Fødested         |            |       | Yrke                     |
|------------------|------------|-------|--------------------------|
| Samnanger        | husfar     | gift  | gårdb                    |
| Samnanger        | husmor     | gift  | gårdb-hustru             |
| Samnanger        | datter     | ugift |                          |
| Samnanger        | sønn       | ugift | hjælper til ved gårdb.   |
| Samnanger        | sønn       | ugift | hjælper til ved gårdb.   |
| Samnanger        | sønn       | ugift |                          |
| Samnanger        | datter     | ugift |                          |
| Samnanger        | datter     | ugift |                          |
| Samnanger        | sønn       | ugift |                          |
| Samnanger        | sønn       | ugift |                          |
| Nesne i Nordland | husfar     | gift  | tunelarbeider kraftanlæg |
| Brudvik          | husmor     | gift  | arbeiderhustru           |
| Brudvik          | sønn       | ugift |                          |
| Samn./Læfdal     | losjerende | ugift | tunelarbeider kraftanlæg |
| Samn./ Sirnæs    | losjerende | ugift | tunelarbeider kraftanlæg |
| Dale Søndfjord   | husfar     | ugift | Landhandler              |
| Dale Søndfjord   | husmor     | ugift | husholderske             |



G.nr. 30 (115 i 1910) b.nr. 1 (Knut Langeland sin gard).

| .nr. | H.nr. | Navn                                      | Fødselsdato |
|------|-------|-------------------------------------------|-------------|
| 001  | 01    | Knut Nilssen Langeland                    | 18.11.1856  |
| 002  | 01    | Barbu Cecilia Knutsdatter Langeland       | 10.07.1889  |
| 003  | 01    | Nils Bernhard Knutsen Langeland           | 01.11.1886  |
| 004  | 01    | Johan Knutsen Langeland                   | 26.09.1892  |
| 005  | 01    | Cecilia Knutsdatter Langeland             | 11.02.1895  |
| 006  | 01    | Anna Elisabet Knutsdatter Langeland       | 11.12.1897  |
| 007  | 01    | Wilhelmina Kristine Knutsdatter Langeland | 15.09.1901  |
| 008  | 01    | Johannes Jansen Langeland                 | 05.10.1826  |
| 009  | 01    | Ole Berentsen                             | 18.08.1878  |
| 010  | 01    | Udmund Seim                               | 22.03.1878  |
| 011  | 01    | Mons Skjold                               | 12.12.1870  |
| 012  | 02    | Marie Sell                                | 07.04.1884  |
| 013  | 02    | Ragna Sell                                | 09.05.1905  |
| 014  | 02    | Agnis Sell                                | 07.04.1910  |

Her kan ein sjå at somme av arbeidarane hadde familien sin med seg. Og det er fødd ei jente i huset i april 1910. I kyrkjebøkene kan ein vidare finne at fadrar til dette barnet – 22. mai 1910 – var m.a. Johan og Barbru som høyrde til familien der i huset. Det var vel heller ikkje så lett å skaffe fadrar frå eigne familiar til ein dåp i Samnanger. Reisa vart for lang. Dessutan tyder det kanskje på gode forhold mellom husets folk og dei losjerande. Ein kan elles merka seg at far til barnet ikkje budde på Langeland ved teljinga. I kyrkjeboka er faren oppført som Ole Olsen frå Voss, anleggsarbeidar.

### **Brakke på Langeland og i Bruabotnen**

Det vart sett opp ei brakke for arbeidarar lengst nord (innom Storflaten) attmed elva på Langeland. Murane viste godt i min barndom. Denne brakka vart forresten brukt til ungdomshus for Tveit Ungdomslag etter anleggstida. I denne brakka budde det 39 personar – 28 menn og 11 kvinner. Dei kom frå heile landet, to til og med frå Sverige. Eg kan tenkje meg at dei reiste frå anlegg til anlegg der det var arbeid og



| Fødested      |                | Sivilstand | Yrke                     |
|---------------|----------------|------------|--------------------------|
| Samnanger     | husfar         | enkemann   | gårdbr                   |
| Samnanger     | datter         | ugift      | steller husholdningen    |
| Samnanger     | sønn           | ugift      | arbeider ved gårdsb      |
| Samnanger     | sønn           | ugift      | arbeider ved gårdsb      |
| Samnanger     | datter         | ugift      | steller helst i fjøset   |
| Samnanger     | datter         | ugift      |                          |
| Samnanger     | datter         | ugift      |                          |
| Samnanger     | fam/losjerende | enkemann   | Kårmand                  |
| Hjørundfjord  | enslig losjer. | ugift      | Tunelarbeider kraftanlæg |
| Røldal        | enslig losjer. | ugift      | Tunelarbeider kraftanlæg |
| Fane          | enslig losjer. | ugift      | Tunelarbeider kraftanlæg |
| Vossestranden | husmor         | gift       | tunelarbeider hustru     |
| Auland, Sogn  | datter         | ugift      |                          |
| Samnanger     | datter         | ugift      |                          |

få. Bergensbana var ferdig i 1909, så det er godt muleg at somme hadde vore der tidlegare. Etter kvart kom sikkert mange frå Samnanger med som anleggsarbeidarar. Vi veit i dag at her er lange og gode tradisjonar for slikt arbeid i bygda.

E lles finn ein heile familiar som bur i lag i brakka: Ein anleggsarbeidar frå Sverige er gift med ei frå Rendalen, og dei har 7 born med seg. Der det er berre karfolk, er det gjerne ei ”kokkepikar” i tillegg.

I Bruabotnen var det og oppsett ei brakke. Murane kan ein sjå litt ovanfor huset. Her budde det 7 personar. I tillegg var det innlosjert ein familie i Bruabotn.

På Fiske der det i dag er tomt hus, var det i 1910 busett 10 personar. Eigarane av garden før kraftutbygginga, selde garden og reiste til Amerika. Dei trudde ikkje på noko framtid for seg og sine her i bygda lenger. Skal tru om dei valde rett? Garden vart seld til Bergen kommune som sto for anleggsutbygginga.

## Dei fastbuande

Korleis var det å vera bonde i denne tida?

For det var det dei var, dei som budde på kvar sin gard og dreiv allsidig jordbruk med krøter og åkerbruk. På Langeland hadde det vore utskifting av innmarka nokre år tidlegare. Dermed var det ikkje lenger noko klyngetun (det låg omlag der Knut no bur), men kvar brukar hadde sine teigar. Her var ingen storbonde, det gjekk i nøkternt naturhushald, frå hand til munn. Men noko vart annleis i anleggstida. Her vart eit mylder av folk i forhold til ei stille grend tidlegare. Borna til anleggsarbeidarane skulle på skule, ungdomane ville sikkert vere med i lyd og lag. Tveit Ungdomslag vart starta i 1909, og mykje truleg vart mange med der.

Bøndene fekk ekstra inntekter av husleige, sal av produkt og transporttenester. For bilar var det smått med (320 bilar i heile landet i 1910), så transport med hest frå Haga og Tysse til anleggsstadane vart sikkert utført av bønder og sønene på garden. Somme fekk seg sikkert og arbeid på anlegga for ei tid. Alt dette førde nok med seg at det vart meir pengar blant folk. Men prisane på produkta var ikkje høge: Frå Orkdal historielag finn eg for eksempel at mjølka kosta kr. 0,16 pr. liter, sauekjøt kr. 1,10 pr. kg. Og poteter kr. 5,50 for 100 kg. Ei årsløn var kanskje ikring kr. 1.000.

## Anleggsarbeidarane

I Norges Historie står det ein liten omtale av anleggsarbeidarane som var på Bergensbana. ”Det var tøffe og røffe karar, mange av det typiske rallarslaget, og arbeidet gjekk unnan med fart og humør. Effektivt sprengstoff (dynamitt) og moderne boreutstyr var til uvurderleg hjelp, spesielt under arbeidet med Gravehalsen og dei talrike andre tunnelar på bana.” Dette kan sikkert overførast til arbeidarane i Samnanger på denne tida. Lover om arbeidsmiljø som vi i dag reknar som sjølvsegde, var heilt fråverande. Først i 1915 kom lov om 10 timars arbeidsdag. Då vart timetalet for ei veke, 54. I 1910 var det 300 arbeidsdagar i året og 4 feriedagar. Det er vanskeleg å førestilla seg korleis arbeids- og samfunnslivet var for 100 år sidan, men gjennom dei hundre år som er gått, vart landet vårt utbygt til det samfunnet vi no lever i.

## Landskapet

Til slutt tek eg med eit bilete frå Langeland i ca. 1910 og eitt frå i sommar. Det illustrerer litt kor stor endring det er i denne perioden. Husa er stort sett dei same, men i liene kringom gardane gror det til. I 1910 ser ein noko av tippen med tunnelmasse frå tunnelen mellom kraftstasjonen på Frøland og Fiske. Det var fleire slike innslag der massane vart utkøyrt. Elva er ikkje regulert og har ei anna vassføring enn no. Klesvasken kan ein sjå gjekk føre seg attmed bekken ved Knut sitt hus. Brakka kan ein skimta inst på Storflaten, og litt av hustaket i Bruabotnen.



Mykje meir kunne vore skrive om denne tida og folket som levde her. Du kan sjølv finn fram til folketeljinga i 1910 og sjå korleis folk budde på kvar einskild gard. Og anleggsarbeidarane finn du i mange hus som låg i nærleiken av anleggsområdet. På Totland vart det og bygt mange hus for arbeidarane, og ikkje minst for alle ingeniørane og deira familiar som følgde med. Seinare vart det bustader for vaktene ved kraftstasjonen. Her er sikkert plass til fleire artiklar om dette.



*Butikken og huset til venstre var Solveig Røen sin barndomsheim. Til høgre hotellet på Ådland, som stod der Ådlandstunet står no.*

## Barneminne frå Ådland

Av Solveig Røen

Eg er no snart 83 år og når eg ser tilbake på livet, tykkjer eg at eg har sett og opplevd mykje. Eg har hatt eit rikt og godt liv. Dess eldre ein vert, dess meir hugsar ein gjerne frå barndommen. Det er så mange minne som kjem fram i hugen og særleg frå barneåra heime på Ådland.

Eg har her prøvd å skriva ned nokre av dei minna eg har frå barndom og ungdom. I tillegg har eg teke med litt anna frå livet mitt òg.

*Olderbakken, den 10. april 2011*

Nokre av dei finaste minne eg har frå barndomsheimen min, var når far spela fiolin, eller når mor song. Då eg var liten, hadde me ikkje fjernsyn eller radio. Radio hugsar eg bestemor kjøpte først i 1937, og

me fekk vel noko seinare, så difor vart det tid til song og musikk om kveldane. Far ville vorte musikar, men mor hans tykte det var ein usikker leveveg, så han gjekk på Bergens Tekniske skule, som det heitte den gongen. Han gjekk på elektrolina. Han vart altså utdanna elektrikar, og då eg var liten, arbeidde han i Os hjå ein som hadde elektrisk firma, Bahun. Då var han heime berre med helgane. Han gjekk òg på Elementærskule i Oslo. Men hans store draum var musikk. Han gjekk ei tid på Musikk-konservatoriet i Bergen. Han fekk òg undervisning av ein som heitte Jim Johannesen. Men musikken vart berre ein hobby. Då eg var liten, spela far ofte om kveldane.

Mor har fortalt at då far budde i Bergen spela han ofte i lag med ein norskamerikanar som spela piano. Denne mannen sa ein gong om far: "Jeg vet ikke noen som spiller så mykt som Kvale." Han kjøpte nye notar kvar gong han var til Bergen. Far spela mange musikkstykke av Fritz Kreitzler, Mozart, Verdi, Strauss, Schubert. Ja, mange musikkstykke, men han spela òg songar eller viser og ofte song mor attåt. Mor hadde ei klår og mjuk stemme. I sin ungdom var ho med i songkor. Det var sopran ho song. Då eg var liten, bad eg henne ofte å syngja. Det var så fint å høyra på. Ho song mange av dei songane dei hadde hatt i koret, t.d. ein song frå bibelen "Og jeg, Johannes, jeg så den Hellige stad, et nytt Jerusalem stige ned fra himmelen fra Gud." Det var så mange songar ho kunne. Ein ho ofte måtte syngja for meg, var "Ulabrand", om ein kjent los. Elles song ho så mjukt og fint "Mot kveld ("Alle de duggvåte blomster") av Agathe Backer Grøndahl. Ho hadde hatt lyst å gå å få lært seg til songarinne, men det var ikkje så enkelt den gongen ho vaks opp. Nils, eldste bror min, lærde òg å spela fele, så han og far spela mykje saman. Nils spela andre-stemma. Dei spela t.d. mange slåttar av Per Bolstad.

## **Litt historikk**

Bestemor mi, Elisabeth Nyegaard Kvale, og søstera Anna kom frå Engjavik i Sævareid. Dei styrde Ådlands-hotellet. Dette var i slutten av 1880 åra, då Samuel Nordbø og Annanias Trengreid åtte hotellet. Bestemor fortalde at ho hadde servert Edvard Grieg middag mange gonger. Han og kona var ofte sumargjestar på hotellet i åttiåra. Ein stad litt oppe i skogen som vert kalla Træet, står der ein gamal eike-

stuv som er freda. Dette treet er så spesielt, for ut frå eikestuvven veks det mange andre treslag: Raun, bjørk, hattel, older og fleire andre slag. Under denne eika sat ofte Grieg og skreiv. Kanskje "Våren" vart skriven ned her? Det er det vel ingen som veit...

I 1891 tok bestemor Elisabeth og søstera Anna til med handel på Ådland. Butikken fekk namnet A & E Nyegaard. Dei bygde først ei bu der dei dreiv handel, seinare eit hus til, krambua. Ei tid hadde dei også telefonstasjon i krambua. Seinare bygde ho bakeri. Ho leiga bakarar. Ein som var bakar, kom med nokre veldig fine former til "Julamanna". Eg veit ikkje sikkert om han sjølv hadde laga dei. Eg har aldri sett slike figurar frå andre bakeri, - det er høne, gris, flodhest, rev, kona og mann. Då eg var liten, var det Bernhard Røsseland som leiga bakeriet av bestemor. Han var bakar i mange år. Seinare overtok bror min, Egil, som bakar.

I etasjen over butikken vart det laga til eit lite husvære. Det var eit lite kjøken, ein gang, ei stove og eit soverom. Det vart etter kvar bygt på eit par små arkglass, men det var skråtak i alle rom. Ute på gangen var to små kott, eit spiskammers og eit klekott. Her budde me då eg var liten. Eg hugsar mor fekk ein snikkar til og laga to skåp inne i stova på eine vegg under skråtaket. Han som laga til dette heitte Alfred Reistad (Heia-Alfreden) Han var heime frå Amerika og vitja foreldra sine, Kristina og Nils Reistad (Hjulumakaren)

Bestemor Lisa hadde arbeidd på butikk hjå ein som heitte Pukerud inne på Grimo i Hardanger då ho var ung. Der møtte ho ein gut som heitte Nils Kvale og som ho seinare vart gift med. Han reiste først til Amerika og var der i fleire år. Der var han kusk for onkelen sin, Niels Quales, som var lækjar i Chicago. Då han kom att frå Amerika, gifte han og bestemor seg i 1897. Dei bygda seg då nytt våningshus ved sida av butikken. Ekteskapet varde ikkje så mange år då han døydde i 1905 av tuberkulose, som var ein vanleg sjukdom i den tida. Far var berre 4 år og søstera 7 år då dei miste far sin.

Då bestemor vart gamal og ikkje kunna stå på butikken, måtte far overta handelen. Så vart han handelsmann. Men far treivst ikkje med dette arbeidet. I 1947 leigde han butikken bort til Bergljot og Peder Totland frå Tysse. Han søkte på stillinga som Autorisert installatør i Samnanger. Det arbeidet hadde han til han gjekk av med pensjon.

## Leik i fjæra

Sidan huset vårt stod så nære nede ved sjøen, var ofte fjæra ein leikeplass for oss. Der leika me oss med den fine sanden inne ved land. Denne sanden var fin som sukker. Når det var fjæra sjø, hende det at me teikna paradís på sanden lenger ute. Ein stad litt nærare bekken frå Piladammen var det mest som ei leire. Audny Spartveit som budde på Haga, var ofte på besøk på Ådland saman med bestefaren sin, Tomas Aadland (Kristi-Tomas'n). Ein gong leika me oss og laga sand-kaker av leira. Men plutseleg vart me ueinige om noko. Eg hugsar ikkje kva det var, men me byrja hiva leire på kvarandre så det rann leire nedover heile oss. Me gjekk berre i underbuksene for me hadde kledd av oss på overkroppen, så leira hengde seg godt fast på oss, Det var sikkert litt av eit syn å sjå oss slik. Eg hugsar ein av bakarane, Peder Nordbø, skratta og lo av oss. Då vart eg sint på han og ville hiva leire på han òg, men mor kom visst og avverja det. Tomas, bestefaren til Audny, var ein snill og tolug mann. Me fekk ofte vera med han på sjøen når han var ute og "lodka" etter sild. Han bruka då vanleg messing-streng, som me kalla for fiskestreng. Det var eit blylodd i enden på strengen, og så kjende han på loddet om der var sild i sjøen. Det var ikkje ekkolodd den gongen, iallfall ikkje til småbåtar. Her var fleire notlag i Samnanger den gongen. Kristi-Tomas'n var bas i Ådland og Reistad notlag. Dei hadde nøtene sine i bua på Notaholmen. Der var sett opp ei sjøbu på denne holmen. Denne bua er teken vare på og restaurert.

## Måling over alt!

Målaren, Tomas Nordvik, var heime og skulle måla krambua innvendig. Den gongen måtte dei blanda måling sjølve av sinkkvitt og linolje og så den fargen dei ville ha. Målaren hadde mange spann ståande på bualemmen. Ein dag kom Milly, dotter til målaren, på besøk til meg. Eg var vel om lag 9 år den gongen. Me kom på at me skulle gå på bualemmen og sjå i nokre reklameblad. Me sette oss ved troppa og bladde. Eg var vel litt uroleg som vanleg. I alle fall ramla eg ned frå det eg sat på og fór utfor troppekanten. I det eg datt, treiv eg etter noko å halda meg i, og det eg fekk tak i, var to spann med måling, eit med kvit og eit med grå måling. Eg landa ved foten av troppa og eg kan enno sjå for meg den fossen av måling som kom nedover. Eg var så



forfjamsa at eg greidde ikkje koma meg unna, men fekk heile fossen over meg! Heldigvis hadde eg hue på meg, så håret vart ikkje så tilgrisa, men det vart resten! Mor kunne ikkje ta meg i hus. Ho måtte ta meg inn i kjellaren og kle av meg der, og eg veit ikkje om ho nokon gong fekk kleda mine reine igjen. Men det som var det verste av alt, var at nett denne dagen hadde bestemor ein gartnar i hagen hjå seg. Han heitte Knut Røen og hadde gått på gartnarskulen på Hjeltnes.(seinare gjekk han på lærarskulen i Volda.) Eg tykte alltid at han var så fin, og eg var nok alt då litt hemmeleg forelska i han. Det at han skulle sjå meg slik, tykte eg var så skamleg, men han fekk seg nok ein god lått.

Bua, som framleis står der, var lagerplass for ymse varer: Bakaren hadde ein del, der han hadde mjølet lagra, - elles var det ”beistamjøl”, parafinfat med pumpe, og det var grovt salt i ein bingebak døra. Det var òg vedbu og det var koksbinge under troppa. Over bua var det ein lem, ”bualemen”, der det også var lagra ymse ting. Her var det mellom anna jarnband som vart brukt til sledemeiar og stampar. Det kom mykje reklameblad til butikken og desse vart òg stabla på bualemen.

## **Barneår**

Barneåra gjekk med mykje leik og moro. Der var berre eitt år mellom meg og eldste bror min Nils, så me leika mykje saman. Me var gjerne ulike på fleire måtar, eg var vel kanskje meir uroleg og vimsete av natur, Nils var meir roleg. Han lærde tidleg bokstavane, og lærde seg å lesa. Då han som liten var på butikken, las han kva som stod på smørkassane t.d. MARGARIN. Han likte godt å lesa bøker og lånte ofte bøker frå skulebiblioteket. Eg likte betre å vera ute og ta del i aktivitetar i lag med andre born. Då mor skulle prøva å læra meg å lesa i ABC-boka, såg eg meir ut glaset enn i boka. Då eg skulle stava sa eg gjerne ”m-u-s hus osv. Derimot lærde eg tidleg å renna på ski, skeisa og å bruka sykkel, - det var meir interessant enn bøker og lesing. På skulen hende at eg òg lånte bøker frå biblioteket. Dei bøkene eg las, vart eg veldig grepen eller rørt av. Eg minnes enno kor vondt eg tykte det var då eg las om ”Hytta hans farbror Tom” og ”Robinson Crusoe”.



*Mor med Egil på armen på dåpsdagen hans. Nils og eg ved sida av. 1932.*

Me var fire sysken: Nils som var eitt år eldre enn eg, Egil som var 4 år yngre enn eg Knut som var 14 år yngre Han drukna ved bryggja på Ådland straks før han fylte 7 år. Denne hendinga vil eg alltid minnast. Det var så vondt for oss alle, og særleg for mor og far. Knutemann som me kalla han, var ei solstråle - alltid så ljøs og blid. Anna Holdhus (Kvammahaug-Anno) sa så ofte til mor "Denne guten er for god til denne verda". Anna og søster hennar Malene budde på Krambulemmen ei tid under krigen, for tyskarane sette opp piggråd og la ut miner øvst i bakkane då dei trudde at engelske soldatar ville koma til Noreg. Skomakaren og kona måtte òg flytta ned i gamle Skomakar-huset nede bak hotellet og bu der ei tid.

Då Nils var 9 år gamal, vart han så sjuk. Han fekk betennelse i eine foten. Dette var rett før jul. Me hadde vore og skeisa på Nordvika-

vatnet, der me leika oss med nokre lause klakastykke som låg oppå isen. Eg veit ikkje korleis det bar til, men eg trur han fekk eit slag på foten av eit klakastykke. Nokre dagar seinare fekk han store smerter i foten. Legen ville sendt han til sjukehuset på sjølve julaften, men mor spurde om ikkje det kunne vera til dagen etter. Så første juledag vart han innlagt i Bergen på Røde Kors sjukehus. Han vart operert i okla, men det hjelpte ikkje. Det synt seg at betennelsen var i beinmargen, så heile leggen vart skoren opp og dei meisla av beinet. Den gongen var ikkje penicillinet kome til Noreg, så han vart svært sjuk. Dei trudde han kom til og døy, men det gjorde han heldigvis ikkje. Sjukdomen plaga han likevel i cirka ti år til 1946 – då fekk han penicillinsprøyter som tok knekken på betennelsen.



*Egil og eg med kiper på ryggen utanfor huset til bestemor*

## Hos "Olarane"

Då eg var liten, var eg mykje hos "Olarane" i Pøyno. Svanhild, veninna mi, var eit år eldre enn eg, men me leika mykje saman. Dei hadde gard med hest, kyr og sauer. Om sumaren var me med i slåttan og raka. Me måtte gjera litt nytte for oss òg. Stundom fekk me sitja på høylasset når tørrhøyet skulle køyrast inn. Det tykte me var gildt. Den gongen slo dei i alle skorter og skorar og hadde også slåtteteigar i utmarka. Ein plass dei slo, vart kalla Brøtet. Plassen ligg høgt oppe i Ådlandsmarka. For å koma dit, måtte me gå over "Ålæ" der Svein Aadland no eig, og vidare over "Perabakkane". Når dei slo på Brøtet, gjekk dei ikkje heim for å eta, så Svanhild og eg måtte gå med mat til dei. Tanta til Svanhild, Ola-Anno, laga til mat i ei korg. Det var smør, brød, prim eller ost, kniv og koppar. Kaffien hadde ho på ei blå, emaljert kaffikanne som ho hadde ned i ein ullsokk så kaffien skulle halda seg varm. Det var ikkje termos den gongen.

I tillegg til maten måtte me bera med oss firestrengs-triller og tøg, for dei firde ned graset og hesja det heime dersom det ikkje var brøyevér. Då tørka dei høyet der oppe og sidan laga bører og firde ned.

På veg opp til Brøtet måtte me gå forbi nokre aske-stuar øvst i Perabakkane. Der heldt ofte kattugla til. Me var redde for ugla så her skunda me oss alltid forbi så fort me kunne. Me var ofte så andpustne at me måtte stoppa for å kvila når me kom litt lenger.

Hos Olarane hadde dei plommetre med små blåplommer. Dei hadde også ein søtapal som det ofte var mykje eple på. Me kunne eta det me ville både av blåplommene og epla. Men borte ved løveveggen stod eit plommetre med gule plommer. Dei hadde me ikkje lov å ta av. Treet stod så tett inntil veggen, så det hende me klauv opp på bordtaksfjølene inne i løa. Der var det ei opning mellom veggen og taket. Der stakk me neven ut og tok plommer utan lov.

Når ein kan eta mykje plommer og eple, er det ikkje alltid magen toler det, så me sat mange gonger på "vetlahuset", utedoen, der det var to sitjeplassar. Eg har eit spesielt minne frå dette. Far min hadde gått på Bergen Tekniske skule og frå den tida hadde han ei hue med skyggje og rosett. Eg tykte denne hua var så fin og tok henne i bruk.

Ein gong me sat på "vetlahuset", hadde eg teke hua av meg og lagt henne ved sida av meg. Eg veit ikkje korleis det bar til, men brått var

hua komen ned i do. Far til Svanhild, Ola-Knut'n, fiska henne opp att og var i bekken og skylde henne, men det var ikkje same stasen med hua lenger. Bror min, Nils, seier at eg brukte henne seinare òg, så kanskje mor hadde vaska henne, men dette hugsar eg ikkje.

Svanhild og eg var ofte nede ved sjøen og fiska, og eg hugsar ein gong me fekk ei halv bøtte med pir. Elles var det helst småfisk til kattamat me fekk. Me hadde ikkje bambusstenger, men hatlestenger med snøre og angel på. Me hadde ikkje redningsvestar på oss, me hadde vel knapt høyrte om kva det var, - kanskje hadde me lese om at det vart brukt på store båtar. Eg hugsar kor me for og klauv i skorter og berg-hyller nede ved sjøen. Ikkje kunne me symja heller, om me datt uti sjøen. Men me hadde sikkert englevakt med oss, så det gjekk godt.

### **Brusfabrikken**

På Bakkjen på Reistad budde bestemor, Knutina, og Nils mannen hennar. Eg kalla han bestefar, sjølv om han var ikkje min rette bestefar. Men han var ein snill og god far for mor. Nils Reistad og dei to brørne hans, Olav og Torgils, tok til å laga brus i byrjinga av 1900 talet, Samnanger Minirålvannfabrikk. Då eg var liten, var det bestemor og bestefar saman med onkelen min, Karl, som hadde overteke fabrikk. Onkelen min vart i daglegtalet kalla for Kalle med tilnamnet Brus-Kalle. Det var alltid kjekt å gå til Bakkjen. Der fekk me drikke brus til magen sa stopp. Eg kan hugsa dei selde noko dei kalla "fuske-brus" for 10øre for ei stor flaske. Namnet kom av at dersom det var kome eit lite rusk i flasken, så vart ikkje denne brusen seld til ordinær pris. Brusfabrikken vart lagt ned i 1941 då det vart så vanskeleg å få sukker.

### **Vinter**

Nede ved Ådlandshotellet låg ein dam dei kalla Piladammen. Her var det brakkvatn for det var kanal under vegen slik at saltvatnet kom opp når det var flo sjø. På dammen la isen seg tidleg når det var frost, og her lærde me oss å skeisa. Me hadde korkje lengdeløparar eller skruskeiser. Eg hadde ikkje skeiser sjølv, men fekk låna eit par av Svanhild. Skeisene var av tre med eit jarn som var sett under og krølla opp

framme. Me hadde ikkje reimar, men batt skeisene fast med hesjagarn. Svanhild fortalde meg nyleg at ho trudde det var bestefar hennar, ”Ola-Thomasen”, som hadde laga desse skeisene i smia si. Me hadde mykje moro når me var på isen og skeisa. Eg kan hugsa at då Mussolini gjekk inn i Etiopia i 1936, gaula og song me medan me skeisa: ”Hei Mussolini, blås i din krigstrompet, Etiopia...”

I dag er dammen mest vekke. Det vart fram gjennom åra køyrt mykje pas og rusk uti dammen og det har grodd mykje att langs kantane.

Stundom var me og skeisa på Ådlandselva. Eit stykke nedanfor Johannes Aadland var ein dam der to elvefar møttest. Då me vart større, fekk me lov å gå til Nordvikavatnet og skeisa der. Men når sjøisen vart sterk nok, så var me sjølv sagt der. Eg hugsar vintrane 1941 og 42. Då var isen så tjukk at dei køyrde lastebil og henta ved ute i Vikane, dei kalla. Det er ein stad litt innanfor Søvika. Folk kunne sykla eller gå frå Gjerde og Steinsland, forbi Haukanesodden. Det var eit særsyn for det var sjeldan isen var så sterk rundt Haukanesodden at han var gåande på. For det er alltid straum der som kjem frå Tysseelva. Det hende at isen la seg om natta, men ut på dagen var han borte.

Om hausten når det kom rim på bakkane, skreidde me på treskorne våre. Då var det om å gjera å ha slitne tresko utan hælær. Me laga oss lange renner i bakken ovanfor Olaløo. Me stod med den eine foten føre den hin, så det var om å gjera å ha god balanse. Ein gong me skreidde på tresko, klovna eine treskoen min. Då gjekk eg heim til far og tigga meg eit par nye tresko. På krambua selde me tresko frå treskofabrikken på Reistad. Desse treskorne var nye og med hælær under. Eg lurde meg ned på bua heime der øksa og hoggestabben stod. Eg prøvde å hogga hælane av treskorne, men det var kvist i skoen, øksa beit vel ikkje så godt og hoggaren var i alle fall urøynd. Resultatet vart mislukka, treskorne vart langt frå slette. Eg prøvde med å smørja grønsåpe under, men det hjelpte ikkje stort, så det vart eit vonbrot..

Når snøen kom, var me flittige i skibakkane. Eg har alltid likt å gå på ski. Eg var ikkje så gamal då eg fekk dei første skiene, - det var før eg tok til på skulen.

Ein som heitte Ludvik Skar arbeidde saman med Edvard Kleppe og laga ski. Namnet på skiene dei laga var ”Gullfjellskia”. Ludvik Skar flytta seinare til Haga der han dreiv skifabrikk. Han fekk tørka emna

til skiene på bakerilemmen heime. Før var omnen fyrst opp med kol. På kvar side av omnen var lange gangar der dei først fyrde opp med ved og sidan skyfla kol innpå. Om det ikkje brann i omnen, var det alltid varmt både i bakeriet likevel og også på rommet over, bakerilemmen. Bror min, Nils, fekk eit par ski av Ludvik som takk for at han fekk bruka lemmen. Eg fekk og ski noko seinare. Men eg kan ikkje hugsa om eg fekk dei eller far kjøpte dei til meg.

Ola-bakkane var ein fin plass for oss å skreia på ski. Eg hugsar første gongen Svanhild og eg torde å skreia ned frå Fiskaneset. Den bakken var svært bratt. Me var ikkje så gamle då, så me tykte me var flinke! Då me vart litt større, laga bror til Svanhild, Olav (Ola'n), flotte løyper heilt oppe frå Træss-løo og ned til gamle skomakarshuset nede ved hotellet. Me hadde òg hoppbakke med eit lite hopp. Me vart etter kvart flinke til å hoppa. Redde var me iallfall ikkje.

I påskehelgane brukte ein Grung frå Bergen å bu på hotellet med familien sin. Han hadde ein son som heitte Geir som var eit par år eldre enn eg. Han var med oss og skreidde på ski i Ola-bakkane. Han prøvde seg òg på hoppet, og han tykte det var skammeleg at han ikkje greidde hoppa like langt som eg. Ein kveld, etter at sola hadde tint godt i bakken om dagen, fraus det til og unnarennet var nokså isete. Geir var i bakken og skulle gjera det store hoppet. Han satsa skikkeleg, men ramla i unnarennet og slo seg så han byrja å skrika så det ljoma. Då kom faren springande og skulle sjå kva det var, men då han såg at guten var heil, berre skjente han på han. Eg tykte synd på han då, for han hadde heilt sikkert slege seg kraftig. Denne faren var forresten ein tøffing. Han gjorde noko som ikkje nett var vanleg på Ådland: Han bada mellom isflaka nede i fjæra. Denne Grung var arkitekt av yrke. Eg hugsar det var han som laga teikninga til arbeidet på Ådlands-hotellet då gangen vart utvida.

## Uheldig

Eg vart ute for mange små uheldige ting. Ein ting som hende , eg og bror min Nils låg på bryggekannten og fiska etter småkrabbe. Krabbane var villige å bita på. Men då me drog snøra opp, sleppte dei taket når dei kom opp til yta. Lars, son til bakar Røsseland, ville låna snøret mitt

og fiska, og det fekk han. Men om ei stund så ville eg ha snøret mitt tilbake. Eg tok etter fiskesnøret, men han var lengre i armane enn eg, så når eg tøygde meg lenger ut, datt eg plutselig på sjøen. Eg var så liten og hadde ikkje lært å symja den gongen, men bror min, Nils, tok til å skrika og gaula:” Søsto datt på sjøen, søsto datt på sjøen!” Bakaren hadde ofte glaset i bakeriet ståande ope om sumaren. Han hørde ropet frå bror min og kom springande og vassa uti og drog meg oppatt. Ein replikk frå bror min då eg var komen på land: ”Søsto kravla nett so ein katt”.

Eg trur eg må ta med ei lita hending som eg òg opplevde. Tidlegare her har eg skrive at det var eit lite klekott på gangen heime. Eg visste at mor og far hadde gøymt nokre julegåver der. Så var det ein dag eg ville lura meg inn og kjenna på om pakkane var mjuke eller harde. Det var ikkje lys der inne så eg måtte kjenna meg fram. Plutselig vart det eit smell, ei musefelle som var sett opp der small igjen over fingrane mine så eg illskreik. Det var så vondt! Eg vart sjølvsagt oppdaga då mor kom. Sidan prøvde eg visst aldri i løynd og kjenna på innhald i julepakkane.

## **Bryllaup**

I 1935 vart eg 7 år. Då hadde eg ei gledeleg oppleving som eg vil ta med her. Dora Ystås og Johannes Aadland skulle gifta seg og eg vart spurd om eg ville vera brurejente. Og det ville eg meir enn gjerne. Me var to små brurejenter og to vaksne. Det var Audny Spartveit, dotter til Johanna og Bernhard Spartveit. Me småjentene hadde lysegrøne kjolar med ein kappe rundt nede. Dei vaksne brurejentene hadde lyseblåe kjolar. Den eine jenta var søster til Johannes, Kristina. Den andre var ei veninne av Dora, - eg er ikkje heilt sikker på kva ho heitte, men eg trur det var Margit Storli. Kjolan vart sydde på Hotellet av ei sydame som var der, - eg hugsar eg var borte og skulle prøva kjolen min. Me fekk kjolan gratis, - eg trur det var far til brura, Johan Ystås, som betalte for både dei og bryllaupet. Det har vel vore ein gamal tradisjon at bryllaup vart feira i to og kanskje stundom tre dagar. Men eg kan hugsa eg fekk mat på Hotellet den fjerde dagen òg. Brura vart pynta på



Hotellet og så skulle dei gå derifrå og opp til kyrkja. Då dei skulle til å gå, så hadde ikkje brudgommen hatten sin, så eg måtte springa full fart til "Kristihuset" (posthuset), og henta hatten.

## **Juleførebuimg**

Då eg var liten, var det ikkje slik som no . No byrjar butikkane å laga til juleutstilling i glasa og inne i butikkane mange veker før jul, - ja, tidleg i november eller slutten av oktober. I dag er det pengar og sal som tek bort innhaldet av julebodskapen, Eg kan hugsa at ei veke før jul laga far til litt julestas i eine vindauga på butikken heime. Han sette opp ein lampe og nokre småting i vindauga som lampen skein på. Me borna tykte det var fint å sjå på. Me hadde ikkje så mykje pengar å kjøpa julegåver for til kvarandre, men du kor glade me vart når me fekk t, d. ein lommeduk , ei hårklemme eller ein blyant. Eg kan enno sjå for meg ein lommeduk som tabellen var trykt på. Den var god å ha når eg skulle læra tabellen! Men det som var den mest spennande presangen, kom frå ei dame i Bergen. Bestemor hadde ei venninne som budde i Bergen. Ho var lærarinne og heitte Mina Fürst ( ho som var saman med bestemor då hytta på Kvamskogen vart sett opp). Ho sende oss ein sjokoladefigurar kvar jul. Eg hugsar ei jul eg fekk ein figur som var laga som ein spegel. Eg gøymde sjokoladen ei tid, tykte han var for fin til å eta, men freistinga vart for stor så eg måtte smaka på han. Så spegelen vart mindre og mindre til han ein dag var borte.

I bakeriet var det svært travelt før jul. Eg hugsar bakarane baka heile natta dei siste dagane før jul, så brød og julebrød skulle vera ferdige til butikkane opna. Butikkane opna ofte i åtte-tida den gongen. Ein julaften- morgon minnest eg det kom ein mann frå Hisdalen med ei stor kipa han skulle ha varene i. Klokka var ikkje vorten sju om morgonen, så far og mor var ikkje reist opp. Når folk kom og skulle handla, så sa dei gjerne ikkje småbrød, men Stomp -julastomp eller små navlabrød. Det var små bollar som var forma avlange med rosin i midten - navelen. Elles hadde dei noko som vart kalla julageit, dei var også avlange men forma slik at det skulle sjå ut som ei geit med horn og føter.

## Hytta på Kvamskogen

Eg har mange gilde minne frå barneåra då me var på Kvamskogen. Bestemor mi, Elisabeth Nyegaard Kvale, var den første som bygde hytta på Kvamskogen. Før var det berre sæterhus der oppe, som vart brukte om sumaren når kyrne gjekk på beite i fjellet. Dei einaste fastbuande var folka i Røyrlia. Der var det eit gardsbruk frå byrjinga av nitten-hundre-talet. Som sagt vart det bygt hytte i 1912 på Kvinhovden som plassen heitte. Det var bestemor og ei venninne av henne, Mina Fürst. Ho var lærarinne, og budde i Bergen. Hytta vart kalla for "Lise-hytte". Bestemor heitte Elisabeth, men i daglegtale sa folk berre "Liso".



*Hytta på Kvamskogen slik eg hugsar henne frå då eg var liten. Naustet til venstre på biletet er borte og "Løkjen" - elva - har grodd delvis att og er vorten mykje smalare.*

Bestemor var ei svært aktiv dame, men det er rart å tenkja på i dag at det er snart 100 år sidan den første hytta på Kvamskogen vart bygd. Eg har sagt det mange gonger: Hadde ho sett alle hyttene som er komne der no, hadde ho vorte skræmd. I dag er det vorte hytteby. Eg hugsar tilbake for 70-75 år sidan då eg var liten og var ned mor og far i hytta. Då var det eit par hytter der oppe. Eit lite stykke bortanfor bestemor si hytta var det ein tannlege Dyrkorn frå Norheimsund som hadde hytte. Så var det ei hytte eit lite stykke oppe der Mødalsvegen byrjar

Men det var ikkje berre eitt hus som vart sett opp på denne eige-  
domen som bestemor kjøpte der på Kvinhovden. I 1913 vart det bygt skytja med eit utedo. Skytja vart påbygt i 1927 og det vart laga eit anneks. I 1916 vart det bygt naust og i 1917 vart det laga til ein liten jordkjellar i bakken ovanfor hytta. Denne jordkjellaren var veldig god til å lagra mjølk, smør og poteter når det var varmt ute. Det var ikkje straum den gongen og kjøleskåp var kanskje ikkje oppfunne. I første hytteboka kan ein lesa om korleis dei laga til grønsaksåker og dyrka fleire sortar grønsaker. Også rabarbra og vinbær og solbær, og sjølv-sagt poteter. Det er skrive om kor dette kom vel med under verdskri-gen 1914-1918. Elles vart det sett ut garn i Løkjen og i Longvotno. Og den gongen var det rikeleg med aure der oppe, så det var ikkje vanske-leg med fiskemiddag. Mjølkk eller rømmekolle fekk ein kjøpa på sætra-stølane.

Eg har mange gilde minne frå Kvinhovd-hytta. Det var helst på seinsumaren i slutten av august eller september far og mor fekk bruka hytta. Om sumaren var bestemor og mange andre der. Sjølv sagt Mina Fürst og hennar slektningar. Mina åtte halvparten i hytta. Eg hugsar ein haust me var der. Då var skulen byrja, så eg og bror min reiste med buss heim på skulen annankvar dag. Det var ikkje skule kvar dag den gongen. Me reiste ned om morgonen og oppatt om ettermiddagen. I hytta var der ei stove, eit kammers eit lite kjøken og gang. Så var der ei luke i taket opp frå kjøkenet der me måtte bruka stege for å koma opp til ein liten lem. Der var det så lavt under taket at vaksne kunne ikkje stå oppreist. På denne lemmen låg eg og Egil, bror min, då me var små. Når eg tenkjer attende, tykkjer eg det berre var fine solskinsdagar når me var der oppe.

Rett utanfor gjerdet rundt hytta gjekk det kyr og beita, og når eg vakna om morgonen, var det bjølleklang, fuglar som song og kvitra, og solskin ute.

Eg kan hugsar ein haust me plukka 40 liter tytebær. Nils og eg hadde kvar vår liten teboks som me plukka bær i, og så kappast me om kven som tømde flest boksar i eit spann. Me tykte det var veldig moro å plukka tytebær. Eg har alltid likt godt rørte tytebær. Mor har fortalt at dersom det stod tytebærsyltetøy og eg fekk tak i skåla, så var ho tom på ei lita stund. Eg kunne ikkje snakke reint. ”Meia dyntatøy”, sa eg. Ein gong me skulle ut og plukka bær, kom nokre bønder frå Steinsdalen med mange kyr og kalvar. Dyra skulle opp i Mødalen på beite. Det var visst stutar òg med i flokken. Eg gjekk i ein raud gensar og då ein av stutane tok til å brøla, ropa ein av dei karane som følgde med krøtera, at me måtte gå inn i ei utløe som stod tett ved vegen, Me gøymde oss der til drøfta var faren forbi. Når me skulle kjøpa mjølk, måtte me ro over på den andre sida av Løken. Det var eit ektepar som hadde støl der, Jorun og Svein Århus. Når det leid til kvelds og kyrne skulle mjølkast, sat ofte Svein utanfor sælet og song og lokka på kyrne. Han var så flink å syngja, og han hadde ei kraftfull røyst. Når kyrne høyrde røysta hans, kom dei rekkjande nedetter lia langt oppifrå. Så vart dei sette inn i vårfloren til dagen etter då gjekk dei opp til fjellet igjen. Eg hugsar ei som heitte Sina Trones var budeie hjå Århus ein haust me var der oppe.

## Sundagsskulen

I 1939 kom presten Knut Gjesdal her til Samnanger som hjelpeprest. Den gongen var det Os kommune som hadde hovudprest-ombodet. Då han kom her til bygda, tok han til med sundagsskule i kyrkja på Ådland etter gudstenesta. Det hadde vore sundagsskule tidlegare og, men det var lenge sidan. Eg hugsar mor fortalde at då ho var liten, var det to som hadde sundagsskule, Anders Reistad og Knut Aadland. Også Peder Lien på Steintveit hadde sundagsskule ei tid, men eg var ikkje med då. Då Gjesdal tok til med sundagsskule, var me mange born samla i kyrkja, ikkje berre born frå Nordbygda, men og frå Hisdal, Kleppe, Skar og Li, Nordvik, Reistad og Ådland. Då eg var 11- 12 år,

fekk eg vera med og stempla sundagsskulekorta. Alle fekk ei stjerne for kvar gong dei kom på sundagsskulen. Dei som hadde mest stjerner, fekk gjerne ei lita gåve på den årlege juletreffesten, t.d. ein blyant, ei notisbok, eller eit fint bilete. Og alle fekk eit gullkanta kort der Jesus var med. Då eg vart større, fekk eg og lesa teksten frå sundagsskulen si tekstbok. Slik vart eg sundagsskule-lærer. Og det arbeidet har vore mi store glede i over 50 år. I 2009 fekk eg Kongens fortjenestemedalje i sølv. Det kom så uventa, eg visste ingen ting om medaljen før eg fekk han på Sundagsskulen sin dag i kyrkja på Haga den 20. sept. Eg tykte ikkje eg hadde fortent han, - det er så mange andre som skulle hatt medalje for lang og trufast teneste i ulike verv i livet. Men det er sjølv-sagt ei stor ære å få medalje, og eg må takka Gud for at eg har hatt helse og levedagar slik at eg har kunna vore med å gjeva borna Guds Ord, og læra Jesus og kjenna.

Den 26 januar i 2010 fekk eg – saman med 35 andre som hadde fått medalje – møta Kong Harald på Slottet i Oslo for å takka for medaljen. Det var ei stor oppleving. Me fekk også omvisning på Slottet. Somme hadde gåver med til kongen. Eg hadde med meg den utgåva av ” av Samningen” der det stod om meg og mine ”meritter” og Årboka frå Samnanger Historielag 2009, der det stod mykje om kraft-utbygginga i Samnanger. Etterpå fekk eg takkebrev frå Kongen for interessant lesestoff! Han hadde hatt glede av å lesa det, skreiv han.

Då eg var i 14-årsalderen vart det skipa til eit kristeleg Ungdomslag her i Nordbygda. Det var presten Gjesdal som fekk det i gong. Møta vart haldne på Ådlands Hotell. Magdalene Ystås var så venleg og gav lov til å ha møta i salongen der. Det vart og skipa til eit lite songlag. Dora Aadland spela harpeleik. Ho hadde så fin songstemma og ho song ofte andrestemme til songane. Nils, bror min, spela fela. Elles var desse med: Kristina Røen ( Dale) Klara Nordvik (Erstad) og så eg. Det var oftast Gjesdal som heldt andakt. Me hadde og eit handskrive blad som gjekk på omgong så alle kunne vera med å skriva. Men etter nokre år vart laget lagt ned, - folk vart opptekne med så mange ting. Nokon reiste bort for å gå på skule eller studera. Ein som var flittig og ivrig med i laget, var Tomas L Reistad som vart dokter seinare.

## Minne frå krigsåra 1940 til 1945

9. april 1940 var det butikkjenta vår Ingrid, ( eg må berre skyta inn her at eg låg på same rommet som Ingrid i bestemor sitt hus, som stod tett ved sida av krambuhuset.) som tidleg om morgonen såg ut glaset, for det var slik dur av bilar. Då såg ho at borte på planen utanfor Ådlands Hotell stod det mykje folk og bilar, og det kom meir folk og bilar etter kvart. Ho gjekk då bort og vekte far og mor som låg på krambulemmen, og sa: ” Det må vera noko gale, folka som står på planen er så høgrøysta og oppskaka” Far sette då på radioen og frå Oslo sa hallomannen at Noreg var hærteke av tyske troppar i dag tidleg, men så vart sendinga avbroten. Det var nok tyskarane som då overtok Norsk Rikskringkasting. Alle bilane og folka som kom, var frå Bergen. Dei høyrde dundering og skyting ute frå Kvarven der dei norske kanonane og soldatane var stasjonerte. Etter kvart som det kom fleire folk frå byen, vart dei utspurde kor langt tyskarane var komne inn i byen. Nokon sa dei var komne til Nygårdsbrua og andre til Kronstad. Det var så mange rykte som svirra mellom folk. Desse som flykta frå Bergen tok inn hjå slekt og vener, så der var fullt av folk i alle hus på Ådland og andre stader i bygda. Eg hugsar ei kvinne med eit lite, nyfødt barn - ho var i slekt med mor - som bad om å få låna hytta på Kvamskogen. Ho fekk bu der ei tid.

Dei første tyskarane kom til Ådland natta til 11.april. Heime på veggen utanfor butikken hang eit stort reklameskilt for Freia sjokolade. Mor vakna i totida om natta av at nokon dundra på dette skiltet. Ho reiste opp og let opp glaset. Då var det ei framand stemme som spurde etter ”telefonen”. Det var dei to første tyskarane som kom til Ådland på motorsykkel med sidevogn. Dei skulle vita kvar telefonstasjonen låg. Då det vart dag, var me borna oppe i Svinatræsvingen der dei hadde motorsykkelen og utstyret sitt ståande. Ein snakkar stundom om at folk er væpna til tennene, og det var desse tyske soldatane. Dei hadde handgranatar øvst i skafta på støvlane sine, og gevær og revolverar. Me borna visste ikkje den gongen kva handgranatar var for noko, men fekk seinare forklart at denne tingen var full av farleg sprengstoff. Ein ting eg hugsar var at Løytnant Engel Høysæter kom den 9. april og sette opp ein lappe på stolpen, der ymse kunngjeringar bruka

vera. Det var full mobilisering av alle vernepliktige menn.

Me visste ikkje kva krig egentleg var. Me hadde nok lese i Noregs-soga på skulen, men det var så fjernt og langt attende då desse vikingane slost og drap kvarandre. Dette var ei anna verkelegheit, alle var redde og skræmde. Far og ein frå Bergen som var evakuert heime, var nede i fjæra og fylte sand i mange sekker som dei stabla på innsida i kjellarglasa heime. I fall det skulle verta skyting mellom norske og tyske troppar, var kjellaren tryggaste plassen i vera. Det vart ikkje noko skyting på Ådland, men me høyrde svake kanondrønn oppe frå Fossen Bratte.

Etter kvart kom det tyskarar til Ådland og dei tok i bruk skulehuset og Nordborg ungdomshus og andre private hus der var ledige rom. På Bakken hjå besteforeldra mine var eit tilbygg på baksida av huset. Der var ei stove og kjøken. Dette tilbygget vart kalla Monsahuset; det stod tomt om vinteren. Det var nokon i Bergen som åtte desse romma. Tyskarane tok dette i bruk, men seinare bygde dei mange brakker på Stølane hjå Johannes Aadland. Etter at tyskarane bygde brakker her, har plassen vorte kalla for Leiren. For å koma til Bergen så måtte folk reisa om Samnanger. Det kom ofte mange bussar med tyske soldatar forbi Ådland. Det hende at desse soldatbussane stoppa ei stund på Ådland og tyskarane kom inn på butikken og handla. Dei hadde då berre tyske pengar, som me fekk veksla seinare. Dette var før varene vart rasjonerte. Me hadde då utval av alle matvarer. Desse tyskarane måtte vera noko utsvalte. Eg hugsar dei kjøpte kokesjokolade og bondesmør som dei la saman og åt. Dei første april-dagane var det fleire familiar på Ådland som rodde til Søvika og låg der om natta. Me heime gjorde ikkje det. Far var så roleg slik - han sa: ”Me får no sjå korleis det går”. Som sagt så vart det ikkje noko trefningar på Ådland.

Dei første dagane etter at tyskarane kom til Ådland, la dei miner etter vegen frå Ådland til øvst i Havnalia, mest opp der Bjørkheim Hotell var. Og når bilane skulle køyra denne strekninga, stod ein tyskar på stigbrettet som var på bilane den gongen. Tyskaren skulle losa bilen gjennom minefeltet. Ei hending hugsar eg godt. Det var ein tyskar som øydela seg på motorsykel i Fiskanessvingen. Dei tok og bar han opp og la han på bakken utan for butikken til Brigtsen. Då han låg der, så ropa han på mamma. Men så kom dei og gav han ei sprøyte. Eg veit

ikkje korleis det gjekk med han etterpå, for tyskarane tok han med seg i ein bil.

Tyskarane hadde og teke Ådlands Hotell i bruk, men dei sette snart i gong med å byggja brakker, og det kom arbeidsfolk frå andre stader i landet og. Men så kommanderte dei bøndene på Ådland ut med hest og kjerre til å køyra sand frå ein båt som låg nede ved bryggja. Sanden skulle brukast til støyping av murar under brakkene.

## **Matmangel**

Folk tok til å hamstra ymse matvarer, for tilførsel av mange ting frå utlanda vart teke frå Noreg, t.d. råvarer til kaffi, sukker og tobakk, og ymse frukter som appelsiner, aprikoser, svsker, bananar, løk, krydder og korn til mjøl. Det som var att, var dei varene som Noreg kunne produsera sjølv. Difor vart det laga til rasjoneringskort både til mat og sko og klede. Etter kvart som åra gjekk, var det vanskeleg å få tak mange i ting, både matvarer og anna.

Det hende me fekk kjøpa kjøt hos bøndene, men dei hadde eigentleg ikkje lov å selja noko privat. Dei måtte gje nøye opp kor mange dyr dei hadde og kor mykje dei slakta, men det kom ofte inn på desse oppgåvene at dyr hadde dauda på beite. Anten hadde dei ramla utfor stup eller så hadde dei hengt seg. Slik greidde dei å lura unna noko kjøt.

Det same var det med andre jordbruksprodukt, t.d. mjølk som skulle leverast til meieriet. Men her òg greidde bøndene lura unna litt.

Det var ikkje alltid me fekk så mykje varer inn på butikken som folk hadde merke til. Ein gong hadde far teke inn til oss eit halvt kilo smør, men det måtte han beint henta tilbake til butikken for det var ei kone som vart så sint då ho ikkje fekk smør. Elles var det vanleg å blanda smøret med potetstappe for å gjera det drygare.

Stundom hadde folk for lite merke til t.d. brød. Då hende det at far let dei få kjøpa brød utan merke. Dette kunne gjort det vanskeleg for han, for han måtte stå til rette for styresmaktene for det han selde.

Etter krigen synt det seg at det var for lite merke kome inn, men då skreiv Heimefronten ut attest på at han hadde levert brød til dei som låg i dekning i Rolvsvågen. Far hjelpte mange som fekk kjøpa brød



utan merke for dei hadde ikkje hadde mat. Eg hugsar særleg ein gong ei jente frå Bergen som var på besøk på Tysse hjå søster si som arbeidde i fabrikk. Ho kom hit til Ådland på sykkel ein dag og ville snakka med meg. Ho fortalde dei hadde ikkje mat i huset, det einaste dei hadde ete den dagen var gruten av kaffi erstatninga. Kaffierstatninga var laga av eit slags brent korn. Eg gjekk til far og spurde om ho kunne få kjøpa brød utan merke, og det fekk ho sjølv sagt. Eg minnest enno kor glad og takksam ho var. Dei som dreiv jordbruk, hadde det betre på den måten. Dei dyrka grønsaker og poteter, og dei som hadde kyr hadde mjølk og smør. Som eg har skrive tidlegare, så var det nøye kontroll med kor mykje mjølk som vart levert til meieria. Men dei var flinke å hjelpa folk som ikkje hadde t.d. mjølk eller andre jordbruksvarer. Eg var mange gonger og henta mjølk hjå Olav og Amanda Reidstad etter at det hadde vorte mørkt om kvelden. Eg gjekk over myrane for å ikkje treffa folk. Dette var hemmeleg, og korkje eg eller dei som selde ville at andre folk skulle sjå det.

## Nære på

Eg hugsar første jula etter at tyskarane hadde overteke styringa av landet vårt. Me hadde då nokre pakkar med små juletrelys på butikken. Det var ingen her som då hadde elektriske lys på juletreet. Ein tyskar spurde etter slike lys ein dag, men far sa han hadde ikkje lys. Men så var det ein tyskar som såg at far selde lys til ein av kundane våre. Tyskaren som budde på Hotellet gjekk då opp til ein av sjefane sine og fortalde dette. Han kom ned på butikken og truga far med revolvar og sa han ville innom disken og sjå bak i hyllene om der var lys. Det gjorde han, men han fann ikkje nokon juletrelys. Far sa det var ikkje lys igjen. Eg kan ikkje hugsa om far eller butikkjenta hadde greidd å lure dei vekk ein annan stad. Men det far var redd for, var at tyskaren skulle ta til å rota inni eit skåp under troppa som gjekk opp til krambulammen. I dette skapet låg øskjer med lampaglas til parafinlampar. Men bak glasa stod det mange pakkar med jaktpatroner. Me selde mykje slike patroner til dei som gjekk på jakt, men alt slikt vart forbode å ha; ein kunne risikera å verta arresterte om tyskarane oppdaga det.

Tyskaren var ikkje for vel gått opp att til Hotellet så tok far og gøymd

patronene på stabburslemmen. Han selde eller gav dei til nokon som hadde jaktgevær. Det var ikkje lovleg å ha gevær eller gå på jakt, men det var somme som lurde seg til å jakta langt inne på fjella der ikkje tyskarane høyrde smellet.

## **Med radio i bagasjen**

Alle radioar var inndregne og det var straffbart å ha radio og høyra på nyheiter frå London. Heime skulle me få eit krystallapparat – ein slags radio – frå ein mann i Bergen, men det mangla øyretelefonar. Knut Erstad frå Vaksdal var i slekt med mor. Han hadde funne seg kjærast frå Nordvika, Klara H. Nordvik. Han var òg på besøk på Ådland, - han var fadder på yngste bror min, Knut. Han sa han hadde slike øyretelefonar, men slikt kunne ein sjølvsagt ikkje senda på vanleg måte. Dette var om vinteren så han gjekk på ski over fjellet. Då han skulle tilbake, skulle eg gå med han for å henta desse øyretelefonane. Det var fint ver og bra føre, og turen gjekk fint. Det siste stykket frå fjellet og ned til Boga, gjennom Grøskaret, er det svært bratt. Her var det skare og uråd å bruka skiene så me måtte ta dei av oss og bera dei. Skulle me koma på gli her, ville me truleg ikkje stoppa før me hamna på jerbanelina langt nede. Knut Erstad sa at eg måtte setja hælane godt ned i snøen for ikkje å gli. Eg tykkjer enno eg kjenner skjelven i knea då me gjekk nedover, men me kom velberga ned.

Me gjekk så etter vegen frå Boga til Vaksdal. Eg vart verande på Vaksdal eit par dagar før eg tok på heimvegen. Eg skulle då ta toget frå Vaksdal til Bergen der eg skulle henta krystallapparatet hjå ein annan slektning. Eg skulle ikkje gå av toget på Trengereid, for der var det ofte kontroll av tyskarane.

I Bergen var eg til neste dag då eg tok bussen frå derifrå og til Os. Eg hadde apparatet og øyretelefonane i ein liten koffert. I Os vart eg verande nokre dagar hjå tanta mi til "Dampen" skulle gå til Samnanger. Eg gøymde kofferten langt innunder senga, hugsar eg. Då me kom inn fjorden, var det så mykje is at båten kunne ikkje gå lenger enn til Gaupholm. Der var ein av Ingjald Oldervoll sine fiskebilar for å henta varer til butikkane, så eg fekk sitja på med han heim.

Bror min, Nils, prøvde å rigga dette apparatet opp på kontoret på

krambua, men det var ikkje særleg godt. Me hadde problem med å få inn England, men fekk inn amerikansk sending, for den var sterkare. Det var ei luke i butikkgolvet og me gøynde apparatet der under golvet.

## Hysj!

Ein ting me lærde under krigen, var å teia still om det som var ulovleg i tyskarane og Gestapo sine auge. Heime på butikken fekk me ferske nyheiter mest til dagleg. Ein mann i Hisdalen som heitte Vilhelm Hisdal d.e., ”Kleiva-Velomen”, hadde radio, og han kom ofte til Ådland og handla. Utanfor disken var det to benker og der sat ofte fleire karar og prata. Når det var folk han visste han kunne lita på, spurde han alltid: ”Korleis e da, kara, høyre de nåke nytt?” Når han sa dette, visste me at han hadde lytta på radio og no var han ivrig etter å fortelja. Så sat han og fortalde nytt frå London. Då han sat og fortalde nyheiter, kviskra han eller snakka svært stilt. Når han var ferdig, var alltid replikken: ”De må kje seia da med nåken, da kan vera fårlæ!” For ikkje så lenge sidan spurde eg barnebarnet til Vilhelm, Helge, kor bestefaren gøynde radioen under krigen. Han hadde han på utedoen, sa han.

Eg var ofte på skomakarverkstaden hjå Isak Våge - Isakjen som me sa i daglegtale. Han hadde det så godt og varmt, og om vinteren når eg hadde vore ute i bakkane og rent på ski, var det godt å få verma seg der.

Ein gong eg var der, sat også ”Ola-Knuten” der. Det kom ein stavangermann inn på verkstaden og gav seg i prat med skomakaren. Eg veit ikkje om han kjende skomakaren frå før eller han berre hadde levert inn skor eller noko som skulle vølast, men det høyrdest ut som dei var kjende. Denne mannen var skippar på ein båt som låg nede ved bryggja. Han frakta noko kol for tyskarane. Han hadde radio om bord på båten. Så seier han til Isakjen og Ola-Knuten: ”Dersom de vil høyra nyheiter, så kom ned på båten i halv åtte tida”. Så seier han til meg at eg òg kan få vera med, men eg måtte ikkje seia det til nokon. Eg var berre 13-14 år den gongen og tykte dette var spennande. Då me kom ned på bryggja, heldt tyskarane på og lossa kol frå båten på lastebilar som skulle frakta det opp til Leiren. Skipparen liksom prata med Ola-

Knuten og Isakjen om båten og dei måtte berre koma om bord og sjå korleis båten såg ut. Så gjekk me ned i kahytta bak på båten. Der tok han fram radioen og me fekk høyra nytt frå London. Sjølv stod skipparen oppe i troppa ved kahytttdøra og passa på dersom det skulle koma nokon. Men tyskarane var så opptekne med lossinga og det var eit sværa spetakkel frå maskina som drog heisekrana, så dei høyrde ingen ting. Eg hugsar ikkje heilt, men eg trur skipparen sa han hadde spandert (Bier) øl på karane, då me skulle gå på land att. Eg veit ikkje om denne stavangermannen hadde lov å ha radio om bord. Men ein ting er sikkert: Han hadde nok ikkje lov å lytta på nyheiter frå London. Eg var som sagt berre 13-14 år då dette hende, men eg vart innprenta om å ikkje seia eit ord om kva eg hadde vore med på – at eg hadde fått høyra nyheiter frå London. Og det var ikkje vanskeleg å halda den lovnaden, - me visste litt om kva som ville skje dersom Gestapo fekk greie på det. Nils Førde, bror til butikkjenta vår, Ingrid, vart arrestert ein dag. Eg hugsar at Ingrid fekk telefon ein dag at no var broren teken. Han var med i Kristian Stein sitt illegale arbeidet. Han sat ei lita stund på Espeland som fange, så på Grini og seinare i Tyskland. Han var ein av dei som vart berga av Dei kvite bussane med Raude Krossmerke på. Han lever enno og i fjor (2010) fylte han 100 år. Han er framleis klår i tankane og steller seg sjølv.

Ein dag Nils, bror min, stod på butikken, kom ein vanleg tyskar ned. Han sa: "Veit du om nokon som har radio, så må du be dei gøyma dei godt for det vert razzia". Så det var ikkje alle tyskarar som var vonde. Sjølv gjekk eg til "Perane" ( Engel Aadland) og sa at dei måtte gøyma radioen sin betre. Dei lest ikkje gå at dei hadde radio då eg sa frå, men det var visst etter dette at radioen deira kom i klokketårnet i kyrkja på Ådland.

Det var ein tyskar i leiren på Ådland som gjorde eit eller anna opprør. Han vart skoten. Johannes Aadland (postmannen) var i Ådlandsmarka oppe ved Raunekleiva ein dag. Då såg han fleire tyske soldatar som kom og han forstod det var noko ekstra dei hadde føre. Johannes våga ikkje gå nærare og sjå kva det var. Han var redd dei kunne ta han, men han såg dei tok til og spa og grava noko ned. Etter krigen bygde Alfred Oldervoll seg hus og han fekk kjøpa noko jord hjå Johannes Aadland oppe på Raunekleiva. Medan dei heldt på og grov, fann dei ein tysk

militærstøvel der, og så då dei kom lengre ned, så fann dei eit lik av ein tyskar. Han vart då gravlagt på Ådland kyrkjegard, men vart seinare flytta til Solheim kyrkjegard i Bergen.

## Skulen

Då tyskarane i 1940 tok skulehuset vårt i bruk, måtte skulen flyttast til Stølen på Reistad. Tomas P. Nordbø åtte då gardsbruket og huset der. Kristina og Martin Haugen tok seinare eigedomen tilbake på Odelsretten. Men nokre år under krigen fekk skulen halda til i eine stova der. Det var mykje snø ein vinter, så Svanhild og eg brukte ofte skiene når me skulle gå til skulen. Det var fint å skreia ned frå der som Bergit Tømmerbakk no bur og like ned til Klokkaren si løe. Det var berre eit hus der den gongen, Nilla og Knut Nossen sitt. Nilla sa ein gong: ”Eg stod så ofte og såg på dåke når de kom i stor fart ned gjennom grinda og over bekken, - eg var så redd de skulle fara i bekken, men det gjekk bra”. Ja, heldigvis så gjekk det bra. Me måtte svinga for å treffa brua som var laga av to store steinheller.

Eg vil fortelja om ei oppleving me hadde på skulen ein dag. Me hadde friminutt og var ute og leika oss i tunet der. Då kom ein mann ned frå skogen i ein sid frakk, ein slags militærfrakk. Han såg skiten og uflidd ut. Læraren, Mons Tveit (eller Klokkaren som me kalla han) gjekk bort og skulle snakka med han. Mannen snakka litt tysk slik at læraren forstod han. Mons Tveit kunne òg ein del tysk. Mannen var russar og krigsfange hjå tyskarane på Espeland eller kanskje det var Os, - det er eg ikkje heilt sikker på. Han ville prøva å koma seg over til Sverige. Han fekk noko mat, for han var så svolten. Læraren fekk nokon av skuleborna til å gå heim til Nanna og henta mat til nistepakke og eit kart der læraren teikna vegen til Voss og vidare til Austlandet. Me vart sjølv sagt innprenta å ikkje fortelja dette til nokon, for det var livsfarleg. Denne mannen kom seg aldri til Sverige. Me fekk vita seinare at nokon hadde treft på han i ei utløe ein stad på fjellet her i bygda, og så hadde einkvan angjeve han til tyskarane, og han vart skoten. Etter krigen i 1945 kom nokre karar frå Bergen i politiuniformer, og ein som eg kjende kom inn på butikken ein dag og fortalde dei hadde

vore i fjellet og henta liket av ein russar.

Han som fortalde meg dette, ætta frå Ådland og heitte Tomas Totland. Han var mykje heime på Ådland om sumrane i lag med bestefaren, "Brantmannen". Tomas var var òg med i illegalt arbeid under krigen.

## **17. mai**

Det var så mange ting som vart forbode i krigsåra, også foreiningar og lag som ikkje ville melda seg inni Nasjonal Samling. Noregs Ungdomslag la ned sitt arbeid. Dei ville ikkje verta "nazifiserte". Nordbygda Ungdomslag la også ned arbeidet offisielt, men hadde ein del møte i løynd. Oppe på Steinveit i Kristina og Bernard Røsseland si stova var eg med på ei tilskiping 17.mai 1941. Inne i stova var det norske flagget hengt opp over ein vegg. Framfor der stod talarstolen og nedfor talarstolen stod Milly Nordvik, bror min, Egil, og eg budnadskledde. Tomas Aadland (Pøylen) deklamerte Per Sivle sin mektige song "Me heisar vårt flagg for me er eit folk som eig oss vårt eige tun..." Eg har aldri gløymt denne opplevinga og det har nok seinare i livet vore med og gjeve meg kjærleiken til fedrelandet vårt. Ikkje så lenge etter dette hende, reiste Tomas over til England og vart med i dei norske styrkane der borte. Han vart teken ut til teneste på Jan Mayen. Han kom tilbake til Noreg i 1945.

## **Arrestert**

I 1943 skulle eg vera sumarhjelp hjå Borghild og Tomas Aadland. Dei hadde gard med hest, kyr og sauer. Dei hadde og telefonstasjon og dei selde bensin og olje. Om sumaren var kyrne i marka ein stad som vert kalla for "Røsebotn" som ligg ikkje så langt frå vegen oppe ved Storkleivfossen. Der var dei når dette hende som eg no skal fortelja om. Me brukte å ta med syklane når kyrne gjekk der oppe. Me måtte leia syklane opp Ådlandslia, men på heimvegen ned unnabakke gjekk det fort, - det var godt at me hadde gode bremsar. Ein kveld me kom frå stølen, Bjørg og eg, så vart me stoppa av ein tysk soldat som stod på vakt ved vegen som gjekk bort der brakkene deira låg. Eg stoppa ikkje heilt opp med det same, så soldaten treiv i sykkelstyret og så mjølka i stølabøtte eg hadde på ryggen skumpa over. Han spurde etter pass ( eg var då 15 år) men eg hadde ikkje passet med meg når me gjekk på stølen. Bjørg

var nokre år yngre så ho trong ikkje pass. Eg vart teken med bort i vaktbrakkka og sat der medan Bjørg sprang heim og henta passet mitt. Soldatane var nokså vennlege og baud meg sigarettar, men eg sa nei takk. Eg var ikkje så heilt blid innvendig, så om eg hadde vore aldri så huga på røyk, så trur eg ikkje eg hadde teke mot ein sigarett av tyskarane. Det gjekk no bra, eg slapp ut att då dei fekk sjå passet. Eg veit ikkje kva dei trudde me dreiv med som for opp og ned til same tid kvar dag, - dei lurde vel på om det var noko illegalt som gjekk føre seg.

## **Nøgdsemd**

Det var nok mange hendingar eg kunne ta fram frå desse krigsåra. Ein ting som eg vil nemna her, er at me som var tenåringar i desse krigsåra lærde å ta vare på både mat, klede og andre eigneluter. Det var vanskelig å få kjøpa noko nytt om noko vart utslite. Eg hugsar kor flinke mange koner eller husmødrer var til å sy om og bøta på ting som var gått sundt. Eg minnest mor som sydde ei fin, svart bestebukse til yngste bror min Knut. Tøyet var frå ein gamal, sund stakk frå bestemor Knutina. Tøyet som vart laga, var ofte blanda med papir (cellulose). Elles vart ull av sauene nytta vel, til både sokkar og underklede. Det var mange heimar der rokken vart teken i bruk att. Og me som ikkje hadde sauer, var glade når me fekk kjøpa litt ull av bøndene. Det var to damer her i Nordbygda som hadde strikkemaskiner. Det var Seselia Oldervoll d.e. (Lauskar-Seslo) og Brita Reistad (Bakka-Brito). Seselia strikka undertøy og andre ullplagg, og Brita strikka labbar og sokkar. Elles var det sjølv sagt mange som strikka med pinnar, både genserar og jakker Eg hugsar ei jul eg fekk nokre svært fine strikka hanskar i gåve av Johanna Aadland, søster til Svanhild. Desse hanskane sette eg stor pris på og var redd for dei.

## **Fridom!**

Den 4. mai 1945 kapitulerte tyskarane i Danmark, og det vart nokre spanande dagar for oss her i Noreg. Det var mange som trudde at det vart krig i Noreg igjen.

Eg hugsar onkelen min, bror til mor, sa: ”Det vert sikkert krig i Noreg igjen, tyskarane gjev ikkje så snart slepp på Noreg.”

Eg hugsar Knut og eg var i Neset hjå Torgils Reistad den 7. mai og lytta på nyheiter frå London. Torgils Reistad hadde mykje høns og selde egg. Verksemda hans heitte Framnes hønseri. Han hadde radio i alle krigsåra. Han hadde han i kjellaren ei tid og det var mange som gjekk der og høyrde på nyheiter frå London. Når klokka nærma seg halv åtte, var det gjerne fleire karar som var på veg til Torgils. Heldigvis var her ikkje nokon angivarar her i bygda. Hadde det vore så, hadde det gått gale. Seinare flytta han radioen ut i eit av hønsehusa.

Torgils Reistad var litt av ein skodespelar, så tyskarane trudde han var galen. Ein gong kom han frå Heiane og bar ei vekt på ryggen i ein sekk. Tyskarane stoppa han i vegskifte (”Veiaskefto” - der hovudvegen møtest med vegen til Nordvik). Tyskarane spurde kva han bar på. Han svara at det var maskingevær. Dei tyske soldatane hadde ofte øvingar på fleire stader. Då låg dei på bakkane og skaut med lauskrut. Ein gong dei var på bakkane hjå Torgils, byrja han og bera ut skiten av utedoet og skvette utover bakkane. Før vart dette brukt til gjødning på bøen. Når tyskarane kom marsjerande etter vegen, så song dei. Ein gong dei gjekk forbi vegen opp til Torgils sitt hus, var han ute på bakkane og slo gras. Då tok han ein hesjastaur på aksla og byrja marsjera med han gaula og song. Men tyskarane trudde han var galen, ”forrykt”. Barnebarnet hans sa ein gong til meg at hadde ikkje tyskarane trudd han var galen, så hadde dei teke han.

Som sagt, var Knut og eg i Neset den 7. mai og høyrde nytt frå London. Mor og far var i klokketårnet i kyrkja på Ådland i lag med mange andre frå Ådland den 7 mai 1945, og mor fortalde det slik: ”Eg trur det stod tjue par tresko utanfor kyrkjedøra den kvelden”. Tyskland kapitulerte og gav Noreg frå seg, men fridomen vart stadfesta den 8. mai då norske soldatar overtok landet og styringa. Me veit no i ettertid at Tyskland ville halda på Noreg. Men dei forstod nok at det nytta ikkje, og at dei allierte landa nok ville sigra til slutt. Dei hadde framgang på alle frontar og tok tilbake land etter land. Det ville nok gått mange fleire menneskeliv tapt om tyskarane ikkje hadde kapitulert.

Me som opplevde denne dagen, vil nok aldri gløyma han. Åttande mai er for oss ein like stor dag som 17. mai, ja, kanskje endå større



fordi me har opplevd kva det vil seia å ikkje leva i eit fritt land. Den 8. mai vart det kunngjort at det skulle vera Gudsteneste i kyrkja kl. 15. Det var ikkje så mange som hadde telefon den gongen, men folk kringom i bygda fekk likevel greie på at det skulle vera preike på Ådland. Det var heller ikkje mange som hadde bilar. Men folk kom gåande, somme hadde sykkel og andre kom roande til kyrkje. Det var mykje folk i kyrkja den dagen, og aldri har songen lydt klårare og sterkare i kyrkja. ”Gud signe vårt dyre fedreland” og ”Norske mann i hus og hytte takk din store Gud”. Det rann mange gledestårer den dagen i takksemd over at me igjen hadde fått eit fritt land. Då folk kom frå kyrkja, hadde far sett radioen ut på altanen med full styrke og mange lytta til Kong Håkon si stemme frå London. Ei som var med oss den dagen og drakk kaffi var Signy Eitun (Eikeland) ho som seinare hadde Fana Forklore.

### **Vegen til Olderbakken**

I 1945 i mars månad skulle Kristina Røen gifta seg. Ho var dotter til Vilhelm og Kristina Røen ( f. Tveit ). Ekteparet hadde emigrert til Canada der dei var farmarar. Dei hadde tre døtrer og venta den fjerde, men då Kristina kom til verda, døydde mora på barselseng. Så då Kristina var eit halvt år, kom far hennar tilbake til Noreg og hadde alle fire døtrene med. Dei budde då i Noreg i tre år, før han reiste tilbake til Amerika med dei tre største jentene. Kristina skulle då vera i Samnøy hjå Agnes og Ingvald Steinsland. Agnes var dotter til ei tante av Kristina. Det var meininga faren skulle koma til Noreg og henta Kristina når ho vart nokre år. Men så kom nedgangstidene i 30 åra og lite pengar. og så kom krigen utan forbindelse med Amerika. Kristina var i Samnøy nokre år, så var det meininga at ho skulle til Tveit til morsfolket. Då sa Anna, kona til Andreas H Røen som var onkel til Kristina, at dei måtte ikkje halda på å flytta barnet frå stad til stad. ”Ho får vera her hjå oss,” sa ho. Slik kom Kristina til Olderbakken og vaks opp her som ei søster for Hans, Knut og Anna.

Då ho gifta seg med Ingvald Dale frå nabokommunen Fusa, flytta dei dit. Dermed hadde dei ikkje noko stølajenta den sumaren på Olderbakken. Ho spurde meg om eg ville vera det og eg sa ja. Eg hadde lært

å mjølka kyr på Ådland hjå Borghild og Tomas Aadland. Slik kom eg til Olderbakken.

Knut og eg forlova oss i Pinsehelga i 1945. Eg hadde høyrte eit rykte om at nokon ville bjølla for oss. Det var visst ein gamal skikk som vart brukt i ymse bygder når nokon forlova seg. Då er det gjerne fleire ungdomar som samlar seg saman og går dit der dei nyforlova er. Her stiller dei seg opp ute i tunet og heldt eit spetakkel med saue- eller kubjøller.

Då tenkte Knut og eg at me skulle lura desse ungdomane, så me pakka sekkene og gjekk til fjells. Den gongen hadde me ikkje hytte, men me var på Røss-sættet. Ein dag me var der, fekk me ei oppleving som me hugsar godt. Knut stod oppi lia ovanfor sættet og skulle hogga noko ved. Då hørde han plutseleg ein mann som ropte : ”Holdt!”

Det var ein heimefrontmann som var på leit etter eit ektepar frå Bergen. Dei var nazistar og hadde rømt over fjellet, så no gjekk heimefrontkarar på leit etter dei. Så då mannen oppdaga oss, tenkte han at han hadde funne desse nazistane. Han kjende ikkje oss. Me sa kva me heitte, men han trudde ikkje på oss. Eg sa at namna våre stod i ringane, men han hørde ikkje på det. Me fekk ordre om å gå inni sættet og vera der til han kom att. Dersom me gjekk ut vart det skote. Han sa: ”No er der ingen pardong lenger”. Det gjekk over ein time før mannen kom tilbake. Då hadde han fleire heimefrontkarar med seg, og ein av dei var samning, Johannes D. Tveiterås frå Tysse, og han kjende oss, så då vart me sleppte fri.

## **Køyring**

Eg er så glad så lenge eg får lov å køyra bil. Eg har alltid likt motorkøyrety. No i år (2011) er det 52 år sidan eg tok sertifikat på bil. Før me kjøpte bil, køyrde eg motorsykkel i fleire år.

Samnanger Meieri kjøpte ein Opel lastebil som skulle køyra mjølk til fleire stader i bygda. Dette var før butikkane byrja å selja mjølk. Ruta gjekk frå Frøland til Hisdalen. I 1966 var Svanhild Aadland Lange-land sjåfør på denne bilen, men då far hennar vart sjuk, måtte ho vera heime ei tid. Så då var eg vikar for henne ca. eit halvt år. Det var mange opplevingar eg hadde med den bilen.

På lasteplanet var det bygt ein stor kasse eller rom. Inne i dette rommet var det laga hyller der fleire sortar varer låg, slik som smør og fleire ostetypar. På golvet stod fleire 50-liters spann med mjølk, surmjølk og fløyte. Spanna vart surra fast i nokre jarnstenger som hylla var festa til golvet med. Dersom ikkje spanna var bundne fast, kunne dei kvelva når bilen var i gong. Eg har høyrte at ein kar som køyrde bilen tidlegare, vart ute for dette så det vart litt av eit subbedas då all mjølka rann ut. Dette hende heldigvis ikkje med meg, men ymse andre ting hende. Det var ei skyvedør inn til rommet på lasteplanet og låsen som skulle halda døra på plass, var ikkje i orden. Så når eg bruka giret eller ga litt gass, gjekk døra opp og så eg måtte stoppa og gå ut å dra døra på plass igjen. Ein dag eg skulle køyra opp til Frøyland frå Tysse, stoppa eg utanfor bua der linjearbeidarane sat når dei ikkje var ute på noko oppdrag. Det var Nils Høysæter og Alfred og Kristian Tysse. Eg gjekk inn og sa no måtte dei koma og gjera eit bra dagsverk og laga til ein krok på skyvedøra. Kristian fann streng som han laga krok av og surra strengen fast til dørhandtaket. Så fann han ei gardhespe og slo inn i dørkarmen som var laga av tre. Etter dette heldt døra seg på plass når eg køyrde.

Men ein dag eg var komen nesten ned til Tyssebrua og skulle gira ned farten, losna girstonga så eg sat med henne i handa. Denne bilen var ikkje ny då Meieriet kjøpte han, og det synte seg at girstonga hadde vore sveist ein gong før. Eg var ståande der til Alfred Totland kom køyrande. Han meinte han skulle få bilen i gir med ein skiftenøkkel, men det gjekk ikkje. Heldigvis kom Ludvik Trengereid og Karl Reistad på veg heim frå Frøland. Dei hadde Lysverket sin bil, så dei slepa meg til Bergen-Hardanger sin garasje, som den gongen låg i Tysseвика der Brannstasjonen no er. Ein mekanikar, Eikeland, sveisa girstonga fast igjen.

Det var mykje snø og is denne vinteren, så i vegen var det både holer og humpar. Det var kjettingar ein bruka den gongen og rett som det var losna ei kjetting-lekkje som laga lyd då ho trefte felgen og bilen skrangla og dura i veg så eg var redd han gjekk frå kvarandre og eg skulle verta sitjande att med rattet i neven.

Ein annan kuriositet med denne bilen var at vindaugsviskarane arbeidde i takt med motoren: Di meir gass ein gav di fortare gjekk dei.



*"Mjelkebilen" utanfor meieriet på Tysse. Frå venstre: Øyvind, Leif Lønnebakken, eg og Marta Gåsdaal*

Eg byrja å køyra i mars månad og køyrde så utover sumaren. Så var det ein sumardag eg oppdaga at motoren vart så snart varm. Når eg hadde køyrt eit stykke, gjekk pila på varmemålararen fort oppover. Eg fylte vatn på motoren alle plassane eg stogga for å selja. Då eg kom opp i Ådlandsliane, såg eg at den raude pila på varmemålararen steig meir og meir så eg tenkte at no går eg snart i lufta. Eg stoppa bilen oppe ved Mastreskarsvingen. Der fann eg ein lørk, ei halvrotten tjukk bjørkegrein, som eg brukte til å ta av loket på radiatoren med. Ei røyksky stod til vers som det skulle vera eit lokomotiv. Eg fann noko vatn i ein bekk og fylte på radiatoren så eg kom meg til Hisdalen og tilbake til Meieriet på Tysse. Då dei skulle undersøkje bilen, syntte det seg at heile radiatoren var rusta sund så vatnet eg fylte på, rann tvers igjennom. Eg kjem i hug eit ordtak: "Ikkje å undrast at bøtta lak, det var ikkje botn i henne" sa mannen.

Eg lika denne vikarjobben eg hadde, vart kjend med mange menneske som kom og skulle kjøpa både mjølk, ost og smør. Salet gjekk bra, - ei kone sa til meg ein dag "Nei, no har eg kjøpt mykje meir enn eg tenkte. Du Solveig preika så mykje" Og det hadde ho tvillaust rett i.

# Hovudplagg i Samnanger

Av Hanne Yndestad Aadland

Gunvor Ingstad Trætteberg stod bak spørjeskjemaet om BYGDE-DRAKT i Kulturgeografisk registrering på Vestlandet i 1937. Ein svært viktig del av livsverket hennar var folkeminnegransking i Hordaland. Frå 1936 og til om lag 1948 reiste ho rundt i alle delar av fylket, oppsøkte folk og skaffa seg opplysningar hos dei eldre om gamle drakter frå vogge til grav. Målet hennar var å gje ut ei bok om “Drakter og draktskikk i Hordaland ca. 1500-1940”. I 1951 vart det laga til ei stor utstilling av folkedrakter på Bergens Museum, her var det med draktplagg i privat eige i tillegg til museet sine drakter. Draktdeler frå Samnanger var med på denne utstillinga.

I 1942, var Gunvor Ingstad Trætteberg i Samnanger. Ho fekk vita mykje frå Nils Lauvskard, som hadde gitt ut “Samnanger, saga um bygdi, gardane og ættene” i 1930. Gyrid Nordbø var 85 år i 1942, ho fortalde om barnedrakta, jentehue, kyrkjeskikk, sørgelaken, skaut, rogging, stakk, mannsdrakt m.m. Cecilia Skulstad, Aasen, Nordbø, 65 år, fortalde om halsbøling, skaut og påsetjing av skaut. Nils Lauvskard hadde og meir å fortelja enn det som står i bygdesoga.

Gunvor Ingstad Trætteberg har etterlete seg eit stort materiale der berre delar er publisert. Eg tek med noko av det ho fann ut om hovudplagg i Samnanger. Sidan utgangspunktet er notatar og kladdar til manus, har eg reinskrive og omsett noko til nynorsk. Eg siterer manuset, med litt korrektur, der det står i kursiv.

## Barnedrakt

*Spedbarnets hodeplagg er det samme som overalt ellers i Hordaland, bare at den eldre tradisjon med hollik og skakkeklæ, (eit kvitt plagg under hua), mangler. I Samnanger brukes bare en hvit hue med spellverklønde fremme og knyttebånd under haken. Denne bæres nærmest hodet, og utenpå denne en vadmels hue eller en fin av rødt klede med perler og silkebånd. Det var nærmest dåpshuen, skirslehuen som var så pragtfullt utstyret.*

## Jentene

*Blåhue fikk jentene i 7-8 årsalderen når de var blitt for store til å gå med den hvite snørehuen. Blåhuen var av samme form som konenes. Jentenes var av mørkeblått vadmels, og fremme på huekarmen hadde de sterk blå ull- eller silkebånd som lyste muntert opp i alt det svarte. Det hvite linet under var det bare konene som hadde lov å bære. Den blå kvaringen på huen var jentemerke.*

Gyrid Nordbø fortel at dei hadde stor valk under blåhua.

*Rundt 1870 brukte jentene valk og plagg til kirke. Det kaltes også tausaskaut. Forskjellen på kone og jenteskaut var at snippen baktil hang fritt nedover ryggen hos jentene, hos konene var den oppbrettet. Dette tausaskautet brukte jentene især når de var faddere.*

*Senere da de la av valkaskautet, knyttet de endene av kodlaskautet baktil og lot snippen falle over. Jentene hadde ikke bånd i kodlaskautet som konene. Senere nøyete de seg bare med huen til kirke.*

## Rogger

*I Samnanger hadde jentene i 1860-80-årene røde rogger i håret til kirke. Svært meget brukt var det ikke, det var helst i naboprestegjeldet Haus at det var alminnelig. Det varierte litt hvordan håret blev rogget i de forskjellige bygder. I Samnanger blev håret delt i to og rogget inn, i Oster derimot bandt de først hele håret sammen bak og rogget det så i to.*



*Valk og hue oppå eit skaut.*

## Skaut

Fram til 1870, vart “Ossskautet” brukt overalt i Samnanger til fest. Etter den tid slutta dei med den store “besværlige” valken og tok kvardagsskautet, kodlaskautet utan valk til, til bestbruk. Konene hadde nok før, i kvardagslaget, stundom brukt ein liten valk under kodlaskautet, men det vanlege var å knyte det direkte over håret. Namnet kodlaskaut hadde det fått for det mangla dei utståande horna til valkaskautet. Valkaskautet var alltid meire brise, (staseleg), men ilt å bæra for den som hadde dårleg hovud. Men kodlaskautet hadde sin eigen sjarm, det danna ei enkel ramme rundt ansiktet.

Kodlaskautet var like stort som valkaskautet, ca. 80 cm i firkant, det hadde fin enkel eller dobbel holfald i kanten, i to diagonalender var fastsydd band ca. 1 meter lange. Der banda er fastsydde til skautet er ei lita brodert åttebladrose i heilesaum (plattsaum) i kvitt eller raudt,

eller eit lite ornament av primhol.

Til bestbruk bant dei aldri kodlaskautet på seg sjølv, det var ekspertar som gjorde det.

I overgangstida då dei brukte både kodlaskaut og valkaskaut, sa dei når dei skulle ta valkaskautet på at dei “skauta seg up”, for kodlaskautet heitte det berre å skauta seg.

Det var valkaskautet brura skulle få på seg før bryllaupet enda. Ho skulle óg ha valkaskautet på til kyrkje første sundagen etter bryllaupet. Seinare i livet brukte ho valkaskaut i bryllaup, barnedåp og når ho skulle med sengjamat, fortel Nils Lauvskard.

Den tida då konene brukte valk under skautet brukte dei ofte, for å gjera det lettvin, å klippe av seg håret. Dei sa enno, etter 1910, om jentene når dei mista håret, så var det “skautafegda”. Då skulle dei snart få skautet på, og då skulle håret av “korso”.

*Å klippe håret som gift kvinne som tegn på underkastelse er et meget gammelt og primitivt trekk. Vi kjenner skikken fra Finland og de bal-tiske land. Det er mulig at det er den samme gamle skikk som ligger til grunn også her i Norge, selv om det nu ser ut til å være gjort av rent praktiske grunne.*

## **Kodlaskautet i Samnanger**

*Håret skilles i midten og flettes i to fletter som legges om hodet. Skautet brettes i snipp, slik at den ene snippen er 8,5 cm innenfor den annen. Man tok så midten av skautet og la over hodet og strammet kanten rundt pannen slik at ikke noe av håret blev synlig. Den som hadde skautet på, holdt det da fast ved begge tinner mens påbindersken tok skautebåndene og førte dem bakover og siden fremover igjen og knøt dem tilslutt i en sløyfe i nakken. Skautebindersken måtte passe vel på at båndene falt fint ved siden av hverandre og slik at de broderte ottebladsrosene ved båndfestet tilsammen dannet et fint ornament midt oppe på hodet. Båndsløyfene baktill var så lange at de rakk et godt stykke ned over stakken. Tilslutt blev skautsnippen bretta opp baktill slik at den satt fast oppunder skautebåndene. Skautet kom da til å danne en rett linje baktill og med to spisser på sidene, så formen hadde nogen føling med det eldre valkaskautet. Nærmere 1900 årene sløyfjet man oppbrettingen baktill og lot snippen henge løst nedover ryggen. Den*



*frithhengende snippen i ryggen hørte opprinnelig bare tausaskautet til.*

## **Hue**

Dei brukte skaut mykje meir inne i Samnangerfjorden enn lenger ute, og dei heldt også lengre på det. Heilt til 1890 var det nesten ikkje ei hue å sjå ved kyrkja i Samnanger. Nils Lauvskard skriv i 1940, at grensa mellom hueområdet ute i fjorden og skauteområdet inst i Samnangerfjorden gjekk frå Sævell på austsida til Våga på vestsida.

*Den eneste endring i snittet på huen som skilte Samnangerhuen fra Oshuen, var at huekarmen gikk nedenfor øret og sluttet efter ansikts-ovalen.*

## **Sørgelaken**

Folk som har sett sørgelaken i bruk då dei var i 17-årsalderen, rundt 1875, fortel at når samnangerkonene bar laken over hovudet, hadde dei den høge valken og skautet under, og jentene valk med kvitt plagg over.

Det var den same inndelinga av sørgjeseremoniane i Samnanger som i Os. Djupaste sorg, laken over hovudet og valkaskaut under. Mindre sorg, laken over akslane og valkaskaut. Ved den minste grad av sorg brukte dei kvit nåsduk, (eit lite snipplagd kvitt plagg) rundt halsen som framme blei halde saman med ei nål. Til dette, hue og kvitt lin.

## **Oppsummering**

Før 1870, var det vanleg med valkaskaut, kodlaskaut til kvardags, rogga hår for jenter og jenteskaut med valk. Sørgelaken vart brukt til om lag 1875.

Seinare kom blåhuene i bruk for jentene. Kodlaskautet vart teke i bruk til best, først var snippen bretta oppunder banda bak, seinare hang denne laust ned slik det før var vanleg berre for jentene. Skautet var i tradisjonell bruk lenge inst i Samnangerfjorden, hua var lite å sjå før 1890.

Det er 70 år sidan desse opplysningane vart nedskrivne, personane som medverka til dette kunne informera om bruk av hovudplagg om lag 70 år før dette. For å vita kva som var vanleg i bruk før 1870-åra, i



*Detalj frå skautet til Cecilia Skulstad, mormor til Grete Solheim.*

det me kallar folkedraktperioden frå midt på 1700-talet til om lag 1870, får me nytta andre kjelder. Aagot Noss fortel at dei eldste hovudplagg, som har vore i bruk frå mellomalderen, er skaut og hårband. Ho fortel og at i perioden før noko går ut av bruk, vert det anten mindre og mindre eller større og større. Valkane var nok på sitt største før ein gjekk over til kodlaskautet til best. Konfirmantane tok først i bruk nye idear, eldre folk heldt gjerne på skikkane livet ut, slik kunne ulike, hovudplagg vera i bruk samstundes. I samband med seremoniane i livet har skikkar halde seg lengst. Ida Aadland fortel at då ho var brur, i 1913, hadde ho krune, dagen etter hadde ho valk og skaut. I bryllaupet

hennar hadde 13 av kvinnene kodlaskaut, ingen hadde hue.  
Det er heilt sikkert meir å finna ut om bruk av hovudplagg i Samnanger. Korleis såg plagga ein hadde under ut? Kva brukte dei yngste? Gamle plagg kan fortelja mykje.

### **Kjelder:**

Trøttestad, Gunvor Ingstad: Upublisert materiale, notatar frå Samnanger. Hos Bunad og folkedraktrådet.

Lauvskard, Nils 1930: Samnanger

Noss, Aagot 1996: Krone og Skaut, Jente-, brure- og konehovudbunader i Hordaland

Aadland, Svein O. 2002: Ådland, folk og hendingar

Trøttestad, Gunvor Ingstad 1999: Skinnhyre og sjøklær, Fiskerbondens utrustning på 1700- og 1800-tallet

Grete Solheim har vist meg bilete av mora, Olaug Trengereid, og morfara Cecilia Skulstad. Me har god grunn til å tru at det var desse to som vart fotografert med skaut i 1940. Bileta sende Nils Lauvskard til Gunvor Ingstad Trøttestad. Skautet til Cecilia, som Gunvor Ingstad Trøttestad såg og teikna av då ho var i Samnanger, har eg og fått fotografera hos Grete.

# To bilar utføre -tett i tett

Då eg dreiv og bladde i gamle aviser kom eg over følgjande notis i Bergens Arbeiderblad frå 28. desember 1953:

## ***To biler fulgte samme spor utfor vei i Samnanger***

### ***Stygg sving som nå må forsynes med støpekant***

*Om formiddagen 2. juledag kjørte to biler utfor Hardangerveien ved Hisdal i Samnanger og ble liggende side om side med hjulene i været.*

*En 7-seter fra Mundheim kom ned fra Gullbotn og i snøværet bar det utfor veien i en sving et stykke forbi Trengereidfjord-veikrysset. Det var to mann i bilen. De slapp uskadd fra det. Bilen stoppet mot en granlegg i skråningen og ble liggende. Like etter kom en liten personbil fra Samnanger og fulgte sporet til den første, men også denne gangen gikk det bra med sjåfør og passasjerer. Bilen veltet over 7-seteren og la seg ved siden av denne.*

*Veivesenets oppmerksomhet henledes på denne stygge svingen. Den mangler støpekant. Det bør den nå få snarest mulig!*

Etter å ha lese denne avisnotisen, gjekk det opp for meg at denne historia har eg då høyrte før, men då med ei litt anna vinkling.

Historia eg har høyrte gjekk ut på at det var ein mann i Hisdalen som heimanfrå huset sitt såg denne første bilen koma utføre vegen og leggja seg til ro. Mannen ringte straks til lensmannen. Han forklarte lensmannen kva som hadde skjedd, men avbraut brått seg sjølv med ”og dar kom da ein te”. Det heiter seg at lensmannen vart litt skeptisk då. Han lurte vel på om dei var begynt å gå i jula i Hisdalen.

*Svein O. Aadland*

# **Eit minne frå krigen**

## **– eksplosjonen i Bergen**

### **20.04.1944**

Magda Haugen intervjuar Bergit Tømmerbakk

Gjennom mitt arbeid i Nasjonalhjelpens fond for krigens ofre, kurator-kontoret i Bergen, har eg gjennom 10 år (1991 -2001) vore så heldig å få snakka med mange menneske som på ein eller annan måte hadde fått kjent krigen på kropp og sjel. Mitt arbeid ved kontoret bestod i stor grad i å skriva ned historiane deira og så godt som råd var dokumentera påkjenningane deira som ein del av Rikstrygdeverket si saksførebuing til søknader om krigspensjon. Eg har snakka med menneske som hadde opplevd påkjenningar som aktive i motstandsverksemd, som sjøfolk eller i heimefronten. Eg har også intervjuja menneske som vart skada som born; mange av dei sat i fangenskap etter at dei vart jaga frå bygda Telavåg på Sotra. Mange var også dei som vart skada under bombinga av Holen skole på Laksevåg 04.10.44 eller i eksplosjonen i Bergen 20.04.44. Møta med desse menneska har gjort inntrykk på meg; eg har høyrte svært sterke forteljingar som me i dag vil ha vanskeleg for å ta inn. Arbeidet ved Nasjonalhjelpens fond gjer at eg har ei spesiell interesse for skildringar som har med krigen å gjera.

Eksplosjonen i Bergen 20.04.44 var ei av dei største enkeltulukkenene som ramma Noreg under krigen. Eit hollandsk skip, "Voorbode", som

låg til kai på Vågen var fylt med eksplosivar og vart sprengt i lufta. Eg siterer frå boka krig og kvardag 1940-1945, Hordalendingar fortel, 1985 (Redaktør: Anders Bjarne Fossen): "Av alle krigsulukker som ramma Bergen, var eksplosjonsulukka 20.april 1944 den mest omfattande materielt sett. 158 menneske vart drepne, medan 4800 vart såra. 248 hus vart totalskadde og ytterlegare 4300 vart meir eller mindre øydelagde, mellom dei ei rekkje historiske byggverk som Håkons-hallen, Rosenkrantzårnet, Mariakirken og Tollboden."

Det seiest at eksplosjonen var så kraftig at smellet kunne høyrast også i Samnanger. Vrakdelane frå båten som eksploderte hadde spredd seg over enorme avstandar. Noko av ankeret vart for eksempel funne att på Sandvikfjellet 3 km og ca 400 moh bort frå eksplosjonsstaden. (Wikipedia).

I denne utgåva av årboka vil eg fortelja Bergit Tømmerbakk si historie frå eksplosjonen i Bergen 20.04.44. Ho var heldig som slapp frå ulukka utan særlege skadar, men augevitneskildringa hennar meiner eg er eit viktig bidrag til krigshistoria vår. Kanskje var det ikkje så mange samningar som var i Bergen akkurat denne dagen? Det hadde vore av interesse å vita om nokon kjenner til andre samningar sine opplevingar frå 20.04.44 og dagane rett etter.

Bergit er fødd i 1922; ho var nr. 2 i ein søskenflokk på 4 og vaks opp på garden Steintveit her i Samnanger. Etter nyttår i 1944 gjekk ho på Anton Johannesens handelskole i Bergen. I denne perioden, medan ho gjekk på skule i Bergen, budde ho hjå ei tante, Eli Vågsbø og familien hennar på Minde. Bergit delte rom med kusina si Solveig frå Os, som også gjekk på same skule som henne.

Denne dagen, 20.april 1944, var ho som vanleg på plass i klasserommet i ein bygning på Korskirkeallmenningen i Bergen sentrum. Til vanleg heldt skulen hus i Nygaten, men grunna krigen hadde dei måtta finna andre undervisningslokale. Elevane og læraren var midt inne i rekninga og ante fred og ingen fare då brått "heile Bergen sentrum" gjekk i lufta. Dei store vindaugsrutene i klasserommet vart blåsne inn av det voldsomme lufttrykket. På nokre sekund vart klasserommet omgjort til ei slagmark. Alle elevane vart slengde på golvet og vart



*Klassen som Bergit gjekk i på Anton Johannesens handelsskole i 1944. Me ser Bergit på bakarste rekkje heilt på venstre side. Kusina Solveig står i fremste rekkje i lys kjole (ved sidan av dama med mørk kåpe). Dei to dresskleddene mennene fremst på biletet er lærarar.*

liggjande hulter til bulter med bord, stolar og delar av veggjar og anna inventar.

– Kva tenkte du då, forstod du kva som skjedde? er mitt spørsmål til Bergit når ho fortel historia si. – Eg trur ikkje eg rakk å tenkja noko som helst; då eg fortumla kom til meg sjølv att, hadde eg berre ein tanke i hovudet, og det var å koma meg ut or skulen og heim til Minde. - Eg fann ikkje Solveig att, så eg tok til på heimturen åleine. Det viste seg seinare at Solveig hadde fått plass på ein lastebil som tok folk med seg frå ”slagmarka”. Då Bergit kom ut på gata, var lastebilen full, og det var ikkje plass til henne der.

Bergit byrja å traska gjennom byen. Blodet rann frå både andlet og hender og ho måtte freista å finna noko som ho kunne forbinda skadane med. Ho fann vegen til eit apotek, for ho tenkte kanskje at der var

det hjelp å få. Men her var det alt fullt av folk som var meir skada enn henne. To kvinner var stygt skada, og mange måtte hjelpa dei. Dei to skadde var også bekymra for borna sine som dei ikkje visste noko om etter ulukka. Bergit fann ut at det var best å koma seg heim for å få hjelp der. Ho tok trikken til Minde, og der møtte ho tanta som sjølv-sagt vart aldeles frå seg då ho såg korleis Bergit såg ut. Tanta hadde vore i kjellaren og vaska klede, og hadde ikkje høyrte det voldsomme smellet. Ho visste difor ikkje noko om det som hadde skjedd i sentrum av Bergen.

Etter ulukka, då ho kom på skulen att, fekk ho vita at ei av jentene som ho gjekk i klasse med var vorte alvorleg skadd; ho hadde fått hovudpulsåra skoren over på eine armen. Ein annan av elevane som ho gjekk i klasse med, mista det eine auga i ulukka. Ein onkel av Bergit, Lauritz, som budde i Kaigaten og arbeidde i rederiet Bergenske dampskipsselskap, opplevde å missa ei av kollegaene sine under ulukka. Bergit fortel også at ho hadde ein onkel på morsida som budde i Bergen på denne tida; Ole Kulild og familien hans budde oppe ved Skansen. I denne heimen vart også vindaugo knuste av lufttrykket under eksplosjonen. Nokre glasbrot fekk ein slik fart at dei flerra opp lerretet i det fine Sjursen-måleriet av Tysse som hang på veggen i stova hos denne familien.

Dagen etter ulukka, reiste Bergit heim til Samnanger. På toget frå Bergen til Trengereid kan ho hugsa at ho møtte Torleif Frøland som også hadde opplevd eksplosjonen. Han arbeidde då i Havnevesenet i Bergen.

Vel heime i Samnanger gjekk Bergit til dokter på Tysse. Han meinte at ho hadde vore utruleg heldig som ikkje hadde skada augo sine. Ho hadde fleire kuttskader i andletet, men ikkje i augo. Den dag i dag, 77 år etter ulukka, har Bergit arr på høgre handa etter skadane ho fekk under eksplosjonen. Men heldigvis fekk ho ingen skadar som var alvorlege. Etter nokre dagar reiste ho attende til Bergen for å halda fram på skulen.

-Var du ikkje redd for å reisa attende til Bergen etter ulukka, spør eg henne. – Nei, det kan eg ikkje hugsa at eg var. Eg var oppteken av å fullføra skulen og ta eksamen, og då nytta det ikkje å tenkja for mykje



på kva som kunne skje.

Vel heime på Minde, måtte ho og kusina Solveig flytta frå rommet dei delte i tanta sitt hus. Dei måtte no liggja i stova. Dottera i huset hadde teke med seg nokre personar heim (både vaksne og born) som dei ikkje kjende frå før. Desse var vortne huslause grunna eksplosjonsulukka og no måtte dei få bu på rommet til Bergit og Solveig. Slik var det nok rundt om i mange heimar i Bergen på denne tida; alle måtte hjelpa alle i ei vanskeleg tid.

Tusen takk til Bergit for at ho ville dela dette krigsminnet med oss!

# Segna om Kjerringflua

I juleheftet Fanajul frå 1948 stod skuleborn frå Fana for litt av stoffet. Ein av ungane, han eller ho har signert artikkelen med K. M., fortel der ei segn frå Samnanger som er vel kjent, men som her vert presentert i ein spesiell variant. I tillegg til sjølve historia, merkjer me oss elles at det her vert brukt forma Burfjellet på fjellet der den eine trollkjerringa sat. I dag veit me at mange samningar kallar fjellet Burlifjellet. Men den omtalte bestefaren, som altså budde på Gaupholm, rett under fjellet, kalla det altså for Burfjellet.

Her er historia K.M. skreiv i 1948.

*Svein O. Aadland*

## Bestefar fortel

Ein sumar for nokre år sidan var eg heime hjå bestefar og bestemor på Gaupholm. Så var det ein dag me borna var ute og rodde på fjorden. Me rodde forbi ei lita flu som dei kalte for Kjerringflua. Dei sa at det var ei segn om denne flua. Om kvelden var me borna samla i kammeret hjå bestefar. Då fekk eg han til å fortelja denne segna.

I gamle dagar budde det ei trollkjerring øvst oppe i Gullfjellet, som ligg på nordsida av Samnangerfjorden. På sørsida av Samnangerfjorden er det óg eit stort fjell, som heiter Burfjellet. Der budde óg ei stygg trollkjerring. Desse kjerringane hadde lege i strid med kvarandre i lange, lange tider. Dei hadde gaula og ropt, og skjelt kvarandre ut, og vart sintare og sintare etter kvart som tida gjekk.

Trollkjerringa på Burfjellet byrja då å kasta store steinar etter Gullfjell-kjerringa. Men dei rakk ikkje lenger enn i fjellet på den andre sida av fjorden, og der viser den dag i dag mange store holer i fjellet, som dei kallar Gygrekastet.

Trollkjerringa i Gullfjellet kasta óg stein, men dei nådde ikkje fram og datt ned midtfjords. Då ho hadde halde på ei tid med dette, vart ho rasande sinna, og tok då og kasta hatten sin etter Burfjellskjerringa. Men han rakk ikkje lenger enn til stranda på den andre sida av fjorden, der han vart liggjande med ein del av hatten over sjøen. Og det er denne flua som dei kallar Kjerringhatten eller Kjerringflua, og som me borna hadde sett då me var på rotur. (K.M.)

# En beretning om Gaupholm og slekten til Lars H. Gaupholm!

Av Øivind Lars Søvik

## **Historien om Monsina Larsdotter Søvik og hennes forfedre**

Denne familieberetningen tar utgangspunkt i en grundig slektstavle utarbeidet av arkitekt Helge Kvernes som er min bestemor Brita Karoline Gaupholms nevø.

### Fakta:

Denne slektstavlen viser at min bestefar Lars H. Gaupholm og hans kone Karoline, har en felles stamfar som het Torbjørn på Gønd f.1519 d.1565 i Hålandsdalen og som var stor jordeier. Hans etterfølger etter fem generasjoner var, Lensmann i Os Hans E. Gjøen f.1660 d.1733, f. Lundervik. Han overdro gårdene Gaupholm og Kvernes i Samnanger til sine sønner. (Før denne tid var beboerne på Gaupholm og Kvernes leilendinger.)

- Gaupholm ble overdratt til Lars H. Lundervik f.1696 d.1776
- Kvernes ble overdratt til Samuel H. Lundervik f.1699 d 1773

Gårdene på Kvernes og Gaupholm ble overført fra far til sønn i fire generasjoner til Gyrild E. Qernes f.1835, giftet seg med Hans H.



*Haldor L. og Gjertina Gaupholm. 1902.*

Gaupholm f.1827 og overtok Kvernes gård.

Etter ytterligere to generasjoner, giftet min bestemor Brita Karoline Kvernes f.1881 d.1962 seg med Lars H. Gaupholm f.1877-d.1965 og ringen var sluttet.

Min bestefar var den eldste av to søsken, Lars og Anna Berte, fra første ekteskap mellom Haldor L. Gaupholm f.1844 d. 1930 og Monsina N. Langeland f.1852 d.1900 gift 1876. Etter at Monsina døde tidlig, giftet Haldor L. Gaupholm seg i 1902 med Gjertina J. Sandvik. De fikk åtte barn: Hilda, Bernt, Anna, Haldor, Borghild, Mons, Johannes og Sverre.

Min bestefar og bestemor giftet seg på samme tid som faren Haldor inngikk sitt andre ekteskap. De fikk syv barn som vokste opp: Anna f.1903, Emilia f.1906, Monsina f.1908, Hanna f.1911, Lars f.1914,

Harald f.1918 og Ingjald f.1920.

Min mor Monsina ble født 30. oktober 1908 og giftet seg med min far Aksel 15. oktober 1936 og de fikk fem barn: Kari, Elsa, Øivind Lars, Svein Aksel og Liv.

### **Gaupholm som sted å vokse opp!**

Gaupholm var og er et fantastisk sted med fint kulturlandskap, variert natur, en fiskerik fjord og fjell og skogsområder med fine fiskevann. Gaupholm var et sted hvor dørene alltid var åpne og hvor folk besøkte hverandre. Søndagen tok folk på seg finstasen og gikk tur i veien for å snakke med naboer.

Ole Brigtsen hadde et handelssted ved fjorden. Stedet ligger vis a vis den idylliske Brigtaholmen. Her kunne du kjøpe det meste, sjokolade, matvarer, sko, verktøy, fiskeredskaper, diesel, kraftfôr og kunstgjødsel. Handelsstedet var etablert i ca. 1870 av Brigt Brigtsen. Tilkomsten er via en kommunal veg som slynger seg gjennom kulturlandskapet mot fjorden. Stedet var en møteplass for de som bodde på Gaupholm og grendene rundt. Jeg erindrer langbenken i butikken hvor folk tok seg tid til å sette seg ned og ta seg en prat og hvor siste nytt og historier ble formidlet.

I dag er butikken og handelsstedet nedlagt. Det fremstår imidlertid relativt urørt og er et kulturminne som viser hvordan et gammelt handelssted så ut. Det vil derfor være synd om dette vel bevarte handelssted skulle gå tapt. Fra barndommen husker jeg at på Brigtaholmen var der et utall av fuglereir. I tillegg hadde Ole Brigtsen høner her som gikk fritt.

Ole Brigtsen var skolelærer på Gaupholm og han hadde 3 sønner: Brigt, Tore og Olav. Familien hadde et religiøst livssyn. Jeg husker familien Brigtsen som en familie som alltid stilte opp også når det var dødsfall hos naboer på Gaupholm. Tore som mekaniker var alltid lett å be om det var en traktor eller noe mekanisk utstyr som trengte ettersyn eller reparasjon.

På dette handelsstedet hadde dampen ”Midthordland” sitt faste stoppested etter Tysse og før den fortsatte til Os og Bergen.

Melkeruten fra Sagen og de veiløse grendene langs Samnangerfjorden,



*Lars H. og Brita Karoline Gaupholm 1960*

hadde også dette stedet som fast provianteringssted.

Frem til etter krigen, var båten den naturlige reisemåte når en skulle til Os og Bergen. Det var videre en rekke kassefabrikker og tønnefabrikker i Samnanger og Fusa som var avhengig av denne transportruten.

### **Historien om min mor Monsine Larsdotter sine foreldre Lars H. og Karoline Gaupholm.**

Før Lars og Karoline giftet seg i 1902, var br.nr. 1 og br.nr.12 ett bruk. Etter at Haldor giftet seg med Gjertina, delte Haldor bruket mellom seg og sin eldste sønn. Hovedbruket ble overdratt til Lars.

I 1909 var der en stor utskifting på Gaupholm, hvor brukene ble samlet. Før denne tid var der klyngetun på Gaupholm. Før utskiftingen,



*Bryllup Aksel og Monsine Søvik 1937*

besto gårdene av små teiger spredt utover hele det store området. Etter utskifting, førte dette også med seg at bygningene i klyngetunet også ble flyttet ut på de nye eiendommene.

### **Boforhold på Gaupholm**

Etter at driftsbygninger og løer ble flyttet ut på de nye utskiftede gårdene, ble det nye hjemmet til Lars og Karoline etablert og dette ble hjemmet til min mor. Min oldefar Haldor, flyttet sitt hus samtidig fra klyngetunet til hans nye gård i Jambroken. Dette førte til at det ble kort avstand mellom brukene, hans barn fra andre ekteskap var halv-søsken til min bestefar og tremenninger til min mor og hennes søsken. Dette førte til tett samhold mellom de to familiene som følge av det nære slektskap. Det ble etter hvert en samlet barneflokk på 15 barn. Sammenlignet med befolkningen på bygdene i dag, så ser jeg en helt annen virkelighet på gårdene den gang, med mange barn, godt kon-

taktnett, mange lekekamerater og gode oppvekstforhold.

Dette var nok også viktig siden alt arbeid var manuelt og der var behov for mange hender spesielt i slåttene. Etter at søskenflokket stiftet familie og flyttet ut, kom de tilbake til gården i ferien og bidro i høyonna. Fra min barndom husker jeg at det var ikke uvanlig at vi var 11 personer til bords.

Levekårene på gården var god på denne tiden. Gaupholm var en stor gård med mange kuer og sauer. I tillegg hadde gården stor skogeiendom og godt med fisk i fjord og vann. Dette gjorde at gården i gode år var selvforsynt. For å utnytte ressursene på gården optimalt, ble alt gress slått til vinterfôr. Det som ikke kunne slås med langorv, ble slått med støttorv. Videre ble lauv skåret for å supplere vinterfôringen.

For å kunne sikre seg mot uår og dårlige tider, så ble skogen nyttet som gårdbrukerens bank. Hvor tømmer ble hugget og solgt i dårlige tider. Siden bøndene var nøysomme på denne tiden, førte dette ofte til at gårdbrukerne var så redd for å bruke av skogen at den råtnet ned på rot.

### **Støls- og utmarksdrift**

Jeg husker fra min tidlige barndom at utmarken ble nyttet som beite for buskapen i de skogsområdene som tilhørte gården. Hver morgen og kveld gikk min bestemor og tante Anna på stølen for å melke kuene. Siden dette var et stort område, så kunne en stølstur ta sin tid. Mine eldre søstre Kari og Elsa var ofte med på disse turene, mens jeg oftest prioriterte slåttene på gården sammen med min onkel Lars. Noen ganger hver sommer ble det arrangert langturer til fjellbeitene i Trælen og på Burfjellet, hvor saueflokket gikk på fjellbeite. Dette var et ulendt område hvor det ikke var uvanlig med store tap og at sauer gikk seg fast i skårfester. Noen ganger konstaterte vi tragedier, hvor sauer var falt utfor, andre ganger måtte vi fire oss ned å redde sauene eller sauene i skårfeste. Siden jeg på denne tiden var liten og lett, så ble jeg i enkelte tilfeller firt ned med tau for å berge sauene i skårfeste. Dette var selvsagt spennende for en ungdom.



## **Industrispekulanter i Samnanger**

Bøndene i Samnanger og på Gaupholm var enkle mennesker som stolte på folk.

Fjerne slektninger som hadde felles forfedre med min bestefar, ønsket før krigen å investere i utviklingsprosjekter i Samnanger. De gikk til min bestefar og fikk han til å være med som kausjonist. Investeringsene ble ingen suksess og min bestefar som kausjonist, måtte betale ut sitt kausjonistansvar. Siden penger i banken var mangelvare, så måtte min bestefar selge Sæterviken, en nydelig sjøeiendom som i dag er utviklet til kristelig leirskole.

Min bestefar oppfattet denne episoden som pinlig og svært tung. Han var følgelig lite interessert i å snakke om denne episoden. Ytterligere detaljer i denne saken kjenner jeg ikke til.

## **Eldreomsorg på Gaupholm**

På gårdene var det lagt opp til storfamilier, hvor det ofte var vanlig at tre generasjoner bodde sammen og hvor det var nær kontakt mellom barn, foreldre og besteforeldre. Besteforeldre ble tatt vare på når de ble gamle, skrøpelige og trengte omsorg og stell.

På gården til min bestefar tok de seg i tillegg av en eldre enslig dame ”Gamle Kari”. Hun bodde i et hus ”Karihuset” som var satt opp nær hovedbruket. Dette var eldreomsorgen slik jeg oppfattet at den fungerte på denne tiden. Gamle Kari hadde bodd på en husmannsplass før hun som enke hadde behov for støtte og omsorg. Jeg er usikker på om gården fikk noen kompensasjon for å påta seg denne oppgaven.

Det ble meg fortalt at når det var begravelser på Gaupholm vintertid, så ble der hentet greiner til kranser fra barlind som vokste oppunder bratte ”hildere” i Alteseterdalen. Jeg har selv sett skjæremerkene i disse gamle barlindene. Det er derfor etter mitt syn beklagelig at det i de seinere år er plantet gran som er i ferd med å kvele denne forekomsten.

## **Turisme i Samnanger**

Like før århundreskiftet var der mye turisme til fjordene på vestlandet. Turismen besto av turistskip som brakte turister fra England og Tyskland som ville se naturen, breene, fjordene og fossene på vestlandet. Om sommeren kom der turistskip inn Samnangerfjorden til Tysse, hvor de satte av turistene for transport via Brudesløret, over Kvamskogen og gjennom Tokagjelet forbi Steinsdalsfossen og til Norheimsund. For å skaffe ekstra inntekt, bidro bøndene med karjoler og hesteskyss. Spesielt var Haldor L. aktiv i denne transporten.

Turist transporten foregikk med hest og vogn på veien over Kvamskogen som var etablert i 1906 og varte til bilen overtok ca 1920.

## **Krigen 1940-45**

Gaupholm var sterkt berørt under krigen 1940-45 ved at tyskerne etablerte forlegning på ”myrane” rett nedenfor gårdsbygningen. Dette førte til 5 år med tyskerne tett innpå livet. Det ble bygget forsvarverker på nesten hvert et utsiktspunkt. Mange av disse ligger fortsatt synlig i terrenget.

Selv om tyskerne la vekt på å behandle lokalbefolkningen på en god måte, så ble dette en belastning som førte til at gårdbrukeren ikke reelt var herre i eget hus. Der var imidlertid ikke hva meg er bekjent, alvorlige episoder i denne perioden.

## **Generasjonsskifter på Gaupholm**

I begynnelsen av 1950 åra overtok Lars L. Gaupholm som eldste sønn bruket. Min bestemor døde i 1962 og min bestefar i 1965. Lars L. ble ikke gift. Han og eldste søster Anna som heller ikke var gift, ble boende på gården til de døde. Lars sist i 1994. Rune Teige som er barnebarn til Hanna, kjøpte gården på odel i 1994.

## **Erindringer og arven etter Margit Solberg**

Margit Solberg var eneste datter etter sjøkaptein Lars Bertin og Tora Mathilde Solberg f.1880 d. 1949.

Far til Margit, Lars Bertin Larsson Solberg f. 1880 på Solbjørg, var sønn av Lars Hansson Solbjørg omtalt i bygdeboka som en dugende

jakteskippar. Lars Bertin gikk i sin fars fotspor og ble skipper i handelsflåten i utenriksfart. Margit skaffet seg artium og var personlig sekretær for Westfald-Larsen og var også gudmor til et av deres skip.

Margit var født på Br. nr. 2 på Gaupholmstræet og oppvokst i Øvre-gaten i Bergen. (I dag er Br. nr. 2 omgjort til campingsplass)

Margit var på morssiden forbundet til Gaupholmslekten ved at Margits bestefar jakteskippar Torgils Larsson Gaupholm giftet seg 21/7- 1872 med Magdela Larsdotter Gaupholm som var søster til Haldor L. Gaupholm.

Margit Solberg var ugift. Hun var god barndomsvenninne av min mor og ble min fadder.

Bruk nr.2 ble pakket bort til Bernhard Solberg og senere solgt til ham. Dette førte til at Margit som eneste arving til Br. nr.2, tok vare på alle kulturgjenstandene som var på Br. nr. 2.

Margit tok godt vare på disse og oppbevarte gjenstandene i hjemmet sitt i Bergen. Margit var svært opptatt av at gjenstandene som kom fra Gaupholmslekten gjennom hennes bestemor Magdela, skulle tilbakeføres til Gaupholmslekten.

Da Margit døde i 1990, så valgte hun å testamentere disse gjenstander fra familien til meg, siden jeg var hennes gudbarn og eldste sønn til Monsina.

Samnanger var fra gammelt av felles prestegjeld med Os og Fusa. På denne tiden var der en blomstrende rosemalerkultur med rot i Hegglandsdalen. Rundt på gårdene i Samnanger fantes der en del prakt-eksemplarer av denne rosemalerkulturen. Det er beklagelig at forrige generasjon ikke hadde særlig respekt for denne kulturarven. Det er eksempler på at noe ble brent som unyttig skrot. Jeg kan nevne at hos Lars Gaupholm fant jeg eksempelvis 2 rosemalte kister stablet, halvveis nedgravd i et uthus. Av den underste var der kun lokket igjen og den øverste var i en noe sjaber forfatning, etter å ha vært tilholdssted for gamle hestesko. Mange andre ting var også nær ved å gå til grunne på grunn av "mit" og vanskjøtsel. Jeg fikk noen få av disse kulturgjenstandene av mine besteforeldre og har tatt godt vare på dem.

## **Lars og Lina på Gaupholm slik jeg erindrer dem!**

### **Lars H. Gaupholm (Gamle Lars)**

Lars var min bestefar og er klart den person på Gaupholm som var der i hele min oppvekst og som sto meg nærmest. Lars var en tilstedeværende bestefar som alltid hadde tid til barnebarna. Mesteparten av de erindringer jeg har fra Gaupholm er formidlet fra min bestefar. Han var en som likte å fortelle sine historier og berette om sine erindringer. Han hadde som følge av sitt utadrettede vesen, mange venner som besøkte ham og samtalene gikk alltid lett i hans selskap.

### **Brita Karoline Gaupholm (Lina)**

Jeg erindrer min bestemor Lina som en hardt arbeidende husmor som sto på fra morgen til kveld. Hun sto for matlaging, vasking og tok sin del av gardsarbeidet som melking av kuer, deltakelse i slåttten og andre gjøremål. Hun var en bestemor uten de store ord som alltid var vennlig og litt streng i sin oppdragelse. Videre var hun religiøs og nynnnet gjerne på en salme. Hun gikk alltid med svart vadmél og skaut uavhengig av ute temperatur. Hun var i første rekke en trygg person i min oppvekst på Gaupholm.

## **Ettertanke**

Det har vært et privilegium å være del av en gårdbrukerslekt, hvor jeg opplevde storfamilien og det mangfold og nærhet en hadde til kulturlandskapet og naturen. Røttene mine til Samnanger er sterke og jeg er glad for å ha en eiendom på dette stedet, slik at min slekt, mine barn og barnebarn kan få oppleve Gaupholm hvor jeg har mange gode minner.

# Song til historielaget

Av Ivar Bård Aadland.

Skrive til historielaget sitt 10-årsjubileum

Tone: Og mannen han gjekk seg på vedaskog

Soga ho sender så mild ein vind  
- kom og kjenn, så mild ein vind –  
som smyg seg i tankar og minne inn.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

Med augene vende mot det som var  
- kom og sjå, mot det som var –  
så skimtar me forfedrars fotefar.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

Dei slo opp ein renning i alt sitt strev  
- kom og sjå, i alt sitt strev –  
og vov sine draumar til minne-vev.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

Og fargane skifta frå mørkt til lyst  
- kom og sjå, frå mørkt til lyst –  
for sorger og voner var innehyst.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

Så sit me ved gogna, let skyttelen gå  
- kom og sjå, let skyttelen gå –  
og legg våre draumar der ovanpå.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

Når vevnaden ein gong skal takast ned  
- kom og sjå, skal takast ned –  
så er både fortid og notid med.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

Det verket som skaptest i gogn og bom  
- kom og sjå, i gogn og bom –  
er arven me skyldar å hegna om.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

Den arven skal laget vårt visa fram  
- kom og sjå, visa fram –  
og det kan me gjera heilt utan skam.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

Den arven som skaptest i ringe kår  
- kom og sjå, i ringe kår –  
for oss er han verdfull, for han er vår.  
Lytt og lær, farne tider dei kjem deg nær.

# Årsmelding for Samnanger historielag 2011

## Styret og nemnder

På årsmøtet 2011 sa Margunn Lønnebakken frå seg leiarvervet i laget. Ho hadde då vore leiar i 3 år. Helge Hisdal vart valt til leiar etter henne. Anton K. Drønen tok attval som styremedlem for 2 nye år. Britt Haukanes vart valt til styremedlem for 2 år. Solveig Vassenden og Tor Bjørn Wold vart valde til varamedlemmer til styret for eitt år.

Styret konstituerte seg slik for 2011:

- Helge Hisdal, leiar
- Anton Kåre Drønen, nestleiar
- Magda Haugen, skrivar
- Kjell Reistad, kasserar
- Britt Haukanes, styremedlem

Styret har hatt 7 styremøte i 2011 og har handsama ca 37 saker. Som regel vert styremøta haldne på Antons Kulturhistoriske senter på Frøland.

Årsmøtet valde elles desse personane til ulike verv:

Revisorar: Johannes Tysseland, Knut Langeland, Ada Haugen (vara)

Redaksjonsnemnd: Magda Haugen – redaktør, Svein O. Aadland, Tor Wold, Knut Harald Frøland.

Fondsnemnd: Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge, frå styret: Tor Wold.

Valnemnd: Øyvind Røen, Kirsten Dalane Kleivane, Margunn Lønnebakken

### **Medlemmer og arbeidsgrupper**

Talet på medlemmer pr. desember 2011 var 91. Arbeidsgruppene som laget har sett ned, har vore lite aktive i 2010.

### **Aktivitetar**

Samnanger historielag hadde 10-årsjubileum i 2010, men markerte dette først med ein jubileumsfest 12.februar i år. I stova hos Anton på Frøland hadde me ein minnerik fest med medlemmer og inviterte gjester.

22. mai arrangerte laget busstur til Askøy og ca 25 personar deltok. Dei som var med fekk oppleva mange ulike stader av historisk interesse; Shoddyfabrikken, Herdla museum, Herdla kyrkje, Flymuseet og Hanøytangen. Guid var Erling Virkesdal.

11. september 2011 deltok historielaget i markering av Kulturminnedagen. Dette er eit arrangement som vert markert rundt om i heile landet. Me hadde premiere på filmen om kraftutbygginga i Samnanger. Det er Tor Wold som har vore primus motor for filmprosjektet. Me hadde stor suksess med arrangementet; ca 200 personar var innom Antons kulturhistoriske senter i dei timane arrangementet vara. BHV-vetaranbusklubb deltok også på dagen med tur i Kvitingen med den gamle "Einogsektien".



Årboka for 2011 vil koma ut i desember 2011. Me opplever at fleire no er villige til å dela artiklar med oss, og dette er sjølvsagt svært positivt, men me har ønskje om at endå fleire kan vera aktive i dette arbeidet.

Styret har også i 2011 vektlagt marknadsføring av laget gjennom annonsar og artiklar i lokalavisa Samningen.

### **Samarbeid med andre**

Styret har også i 2011 hatt eitt godt samarbeid med andre. Me nemner spesielt Antons kulturhistoriske senter og Samnanger kommune. I tillegg vil me trekkja fram det positive samarbeidet me har hatt med BHV-veteran.

### **Utfordringar**

Me kunne sjølvsagt ønskja at laget kunne ha fleire aktivitetar gjennom året, men aktivitetane er så pass arbeidskrevjande at det vanskeleg let seg gjera. Aktiviteten i laget har vore jamt høg med god deltaking frå medlemmer og andre interesserte. Både årboka og filmen har selt godt, så det er nok eit teikn på at det er mange som set pris på arbeidet vårt. Utfordringa vert å få endå fleire med i arbeidet, og då spesielt yngre personar. Me treng aktive medlemmer som har interesse for digitalisering av film og bilete.

### **Oppsummering**

Samnanger historielag er eit aktivt lag som markerer seg i lokalmiljøet – interessa for laget har vore aukande, og det same har medlemstalet vore.

Styret ser fram til nye aktivitetar i 2012 og ynskjer gamle og nye medlemmer velkomne til å delta i aktivitetar og arrangement.